

Saksframlegg

Saksbehandlar: Susan Husabø, Opplæringsavdelinga
 Sak nr.: 15/8405-34

Opplæringstilbodet for skuleåret 2016-2017**Fylkesdirektøren rår hovudutval for opplæring til å gjere slikt vedtak:**

1) Opplæringstilbodet ved skulane vert lyst ut slik:

a) Årdal vidaregåande skule

Nivå	Kode	Programområde	Grupper	Plassar
1	ELELE1----	Elektrofag	1	12
2	ELAUT2----	Automatisering	1	12
3	ELAUT3----	Automatiseringsfaget	1	12
1	SSSSA1----	Service og samferdsel	1	17
2	SSSSS2----	Salg, service og sikkerhet	1	15
1	STUSP1----	Studiespesialisering	1	30
2	STUSP2----	Studiespesialisering	1	30
3	STUSP3----	Studiespesialisering	1	30
1	TPTIP1----	Teknikk og ind. produksjon	1	12
2	TPPIN2----	Industriteknologi	1	13
2	TPKJP2----	Kjemiprosess	1	12
3	PBPBY3----	Påbygg til gen. studiekompetanse	1	30
		Totalt	12	225

b) Sogndal vidaregåande skule

Nivå	Kode	Programområde	Grupper	Plassar
1	BABAT1----	Bygg og anleggsteknikk	3	38
2	BAANL2----	Anleggsteknikk	1	12
2	BABYG2----	Byggteknikk	1	12
2	BAKEM2----	Klima-/energi/miljøteknikk	1	12
1	ELELE1----	Elektrofag	2	28
2	ELELE2----	Elenergi	1	12
2	ELDEL2----	Data og elektronikk	1	12
3	ELDAT3----	Dataelektronikerfaget	2	24
1	HSHSF1----	Helse- og oppvekstfag	2	36
2	HSBUA2----	Barne- og ungdomsarbeiderfag	1	14
2	HSHEA2----	Helsearbeiderfag	2	30
1	IDRET1----	Idrettsfag	1	30
2	IDIDR2----	Idrettsfag	1	30
3	IDIDR3----	Idrettsfag	1	30
1	MEMOK1----	Medium og kommunikasjon	1	30

2	MKMED2----	Medium og kommunikasjon	1	15
3	MKMED3----	Medium/komm, studieførebuande	1	15
1	RMRMF1----	Restaurant- og matfag	1	13
2	RMKOS2----	Kokk- og servitørfag	1	12
1	SSSSA1----	Service og samferdsel	1	15
2	SSTR2----	Transport og logistikk	1	15
2	SSSS2----	Salg, service og sikkerhet	1	15
1	STUSP1----	Studiespesialisering	3	78
2	STUSP2----	Studiespesialisering	4	108
3	STUSP3----	Studiespesialisering	4	108
1	TPTIP1----	Teknikk og ind. produksjon	2	24
2	TPKJT2----	Kjøretøy	1	12
		Totalt	42	780

c) Høyanger vidaregåande skule

Nivå	Kode	Programområde	Grupper	Plassar
2	DHFRI2----	Frisør	1	12
1	ELELE1----	Elektrofag	1	14
2	ELELE2----	Elenergi	1	12
1	STUSP1----	Studiespesialisering	1	32
2	STUSP2----	Studiespesialisering	1	30
3	STUSP3----	Studiespesialisering	1	30
1	TPTIP1----	Teknikk og ind. produksjon	1	12
2	TPPIN2----	Industrieteknologi	1	12
		Totalt	8	154

d) Dale vidaregåande skule

Nivå	Kode	Programområde	Grupper	Plassar
1	HSHSF1----	Helse- og oppvekstfag	1	15
2	HSHEA2----	Helsearbeiderfag	1	15
1	STUSP1----	Studiespesialisering	1	32
2	STUSP2----	Studiespesialisering	1	30
2	STUSP2Z---	International baccalaureate	0	3
3	STUSP3----	Studiespesialisering	1	30
1	TPTIP1----	Teknikk og ind. produksjon	1	18
2	TPMPT2----	Maritim produksjonsteknikk	0,5	6
2	TPPIN2----	Industrieteknologi	0,5	6
		Totalt	7	155

a) Mo og Øyrane vidaregåande skule

1	BABAT1----	Bygg og anleggsteknikk	3	36
2	BABYG2----	Byggteknikk	1	12
2	BAANL2----	Anleggsteknikk	2	24
1	ELELE1----	Elektrofag	2	24
2	ELDEL2----	Data og elektronikk	1	13

2	ELELE2----	Elenergi	1	12
1	HSHSF1----	Helse- og oppvekstfag	3	45
2	HSAMB2----	Ambulansefag	0,5	6
2	HSHES2----	Helseservicefag	0,5	6
2	HSHEA2----	Helsearbeiderfag	2	24
2	HSBUA2----	Barne- og ungdomsarbeiderfag	1	15
1	NANAB1----	Naturbruk	1	12
1	NANAB1-3-	Naturbruk - hest	1	12
2	NAHHO2----	Heste- og hovslagerfag	1	12
2	NALGA2----	Landbruk og gartneri	1	12
3	NANAB3----	Naturbruk, studieforb	1	12
4	PBPBY4----	Påbygg til gen stk- bestått fag-yrkeskompetanse	1	30
3	NALBR3----	Landbruk	1	12
1	RMRMF1---	Restaurant- og matfag	2	24
2	RMKOS2----	Kokk- og servitørfag	1	12
1	SSSSA1P---	Service og samferdsel ysk 4-årig	1	9
2	SSSSS2P---	Salg, service og sikkerhet ysk 4-årig	1	15
1	TPTIP1----	Teknikk og ind. produksjon	3	36
2	TPBLK2----	Bilskade, lakk og karosseri	1	12
2	TPPIN2----	Industri teknologi	1	12
2	TPKJT2----	Kjøretøy	1	12
			35	451

Nivå	Kode	Programområde	Grupper	Plassar
1	BABAT1----	Bygg og anleggsteknikk	4	48
2	BABYG2----	Byggteknikk	1	12
2	BAANL2----	Anleggsteknikk	2	24
1	ELELE1----	Elektrofag	2	24
2	ELDEL2----	Data og elektronikk	1	13
2	ELELE2----	Elenergi	1	12
1	HSHSF1----	Helse- og oppvekstfag	3	45
2	HSAMB2----	Ambulansefag	0,5	6
2	HSHES2----	Helseservicefag	0,5	6
2	HSHEA2----	Helsearbeiderfag	2	24
2	HSBUA2----	Barne- og ungdomsar.fag	1	15
1	NANAB1----	Naturbruk	1	12
1	NANAB1--3-	Naturbruk - hest	1	12
2	NAHHO2----	Heste- og hovslagerfag	1	12
2	NALGA2----	Landbruk og gartneri	1	12
3	NANAB3----	Naturbruk, studieførebuande	1	12
4	PBPBY4----	Vg4-påbygg til gen stk-	1	30
3	NALBR3----	Landbruk	1	12
1	RMRMF1----	Restaurant- og matfag	2	24
2	RMKOS2----	Kokk- og servitørfag	1	12
1	SSSSA1P---	Service og samferdsel YSK	1	9
2	SSSSS2P---	Salg, service og sikkerhet YSK	1	15
1	TPTIP1----	Teknikk og ind. produksjon	3	36
2	TPBLK2----	Bilskade, lakk og karosseri	1	12

2	TPPIN2----	Industri teknologi	1	12
2	TPKJT2----	Kjøretøy	1	12
		Totalt	36	463

b) Hafstad vidaregåande skule

Nivå	Kode	Programområde	Grupper	Plassar
3	PBPBY3----	Påbygg til gen studiekompetanse	1	30
1	MEMOK1----	Medium og kommunikasjon	1	30
2	MKMED2----	Medium og kommunikasjon	1	15
1	STUSP1----	Studiespesialisering	3	90
2	STUSP2----	Studiespesialisering	4	120
3	STUSP3----	Studiespesialisering	4	120
1	KDKDA1----	Kunst, design og arkitektur	1	30
2	STFOR2----	Formgivingsfag	1	30
3	STFOR3----	Formgivingsfag	1	30
		Totalt	17	495

c) Flora vidaregåande skule

Nivå	Kode	Programområde	Grupper	Plassar
1	BABAT1----	Bygg og anleggsteknikk	2	24
2	BAKEM2----	Klima-/energi/miljøtekn	1	12
2	BABYG2----	Byggteknikk	1	12
1	ELELE1----	Elektrofag	1	13
2	ELELE2----	Elenergi	2	24
1	HSHSF1----	Helse- og oppvekstfag	2	31
2	HSHEA2----	Helsearbeiderfag	1	15
2	HSBUA2----	Barne- og ungdomsarb.fag	1	15
1	IDRET1----	Idrettsfag	1	30
2	IDIDR2----	Idrettsfag	1	30
3	IDIDR3----	Idrettsfag	1	30
3	PBPBY3----	Påbygg til gen studiekompetanse	1	30
1	SSSSA1----	Service og samferdsel	1	16
2	SSSSS2----	Salg, service og sikkerhet	1	15
2	SSISF2----	IKT-servicefag	1	15
1	STUSP1----	Studiespesialisering	2	60
2	STUSP2----	Studiespesialisering	2	60
3	STUSP3----	Studiespesialisering	3	91
1	TPTIP1----	Teknikk og ind. produksjon	1	12
2	TPBRT2----	Brønnteknikk	0	0
2	TPPIN2----	Industri teknologi	1	12
		Totalt	27	547

d) Måløy vidaregåande skule

Nivå	Kode	Programområde	Grupper	Plassar
1	BABAT1----	Bygg og anleggsteknikk	1	12
1	BABYG1P---	Bygg og anleggsteknikk, YSK	0	2
2	BABYG2----	Byggteknikk	1	12
1	HSHSF1----	Helse- og oppvekstfag	1	15
1	HSHSF1P---	Helse/oppvekst, YSK	0,5	9

2	HSHEA2P---	Helsearbeiderfag, YSK	0,5	4
2	HSBUA2----	Barne- og ungdomsarb.fag	1	15
1	NANAB1----	Naturbruk	1	12
1	NANAB1P---	Naturbruk, maritime fag YSK	0	4
2	NAAKV2P---	Akvakultur, YSK	0	4
2	NAAKV2----	Akvakultur	0,5	6
2	NAFFA2----	Fiske og fangst	0,5	6
1	RMRMF1----	Restaurant- og matfag	1	13
2	RMKOS2----	Kokk- og servitørfag	1	12
1	STUSP1----	Studiespesialisering	1	30
2	STUSP2----	Studiespesialisering	1	30
3	STUSP3----	Studiespesialisering	1	30
1	TPTIP1----	Teknikk og ind. produksjon	2	24
1	TPTIP1P---	Teknikk og ind. produksjon, YSK	0,5	8
2	TPTIP2P---	Teknikk og ind. produksjon	0,5	9
2	TPMAR2----	Maritime fag	2	24
2	TPKJT2----	Kjøretøy	1	12
3	PBPBY4P1--	Påbygging YSK 3.år	1	13
4	PBPBY4P2--	Påbygging YSK 4. år	1	14
		Totalt	20	320

e) Firda vidaregåande skule

Nivå	Kode	Programområde	Grupper	Plassar
1	IDRET1----	Idrettsfag	1	30
2	IDIDR2----	Idrettsfag	1	30
3	IDIDR3----	Idrettsfag	1	30
1	MDMDD1-	Mus/dans/drama - dans	0,5	12
1	MDMDD1--	Mus/dans/drama - musikk	1	24
1	MDMDD1--	Mus/dans/drama - drama	0,5	12
2	MDDAN2----	Dans	0,5	12
2	MDDRA2----	Drama	0,5	12
2	MDMUS2----	Musikk	1	24
3	MDMUS3----	Musikk	1	25
3	MDDRA3----	Drama	0,5	12
3	MDDAN3----	Dans	0,5	12
1	STUSP1----	Studiespesialisering	1	30
2	STUSP2----	Studiespesialisering	1	30
3	STUSP3----	Studiespesialisering	1	30
		Totalt	12	325

f) Eid vidaregåande skule

Nivå	Kode	Programområde	Grupper	Plassar
1	DHDHV1----	Design og håndverk	2	31
2	DHIUD2----	Interiør og utstillingsdesign	0,5	6
1	ELELE1----	Elektrofag	2	24
2	ELDEL2----	Data og elektronikk	1	12
2	ELELE2----	Elenergi	1	14
2	ELAUT2----	Automatisering	1	12
3	ELDAT3----	Dataelektronikerfaget	1	12

3	PBPBY3----	Påbygg til gen studiekompetanse	1	27
1	STUSP1----	Studiespesialisering	2	60
2	STUSP2----	Studiespesialisering	2	60
3	STUSP3----	Studiespesialisering	2	60
1	TPTIP1----	Teknikk og ind. produksjon	3	36
2	TPIMS2M---	Industriell møbelprod. lal	0,5	6
2	TPPIN2----	Industriteknologi	1	12
		Totalt	20	372

g) Stryn vidaregåande skule

Nivå	Kode	Programområde	Grupper	Plassar
1	BABAT1----	Bygg og anleggsteknikk	2	24
2	BABYG2----	Byggteknikk	1	18
1	HSHSF1----	Helse- og oppvekstfag	1	15
2	HSHEA2----	Helsearbeiderfag	1	15
1	SSSSA1----	Service og samferdsel	1	15
2	SSSSS2----	Salg, service og sikkerhet	0,5	6
2	SSRLV2----	Reiseliv	0,5	6
2	SSTR2----	Transport og logistikk	1	15
1	STUSP1----	Studiespesialisering	2	60
2	STUSP2----	Studiespesialisering	2	60
3	STUSP3----	Studiespesialisering	2	60
		Totalt	14	294

2. YSK-tilbodet (Yrkes- og studiekompetanse) ved Måløy og Mo og Øyrane vidaregåande skular vert evaluert, særleg med tanke på i kva grad YSK-lærlingane tek opp plassar for ordinære lærlingar. Evalueringa skal vere gjennomført før saka om opplæringstilbodet for 2017-18 skal handsamast.

Vedlegg:

- Vedlegg 1 GSI-tal 2014- Oversikt over elevtal frå grunnskulen per kommune og region.
 Vedlegg 2 Fagopplæringsnemnda, sak 9/15- saksutgreiing
 Vedlegg 3 fagopplæringsnemnda møtebok
 Vedlegg 4 Innspel frå Stryn kommune
 Vedlegg 5 Innspel frå dei vidaregåande skulane
 Vedlegg 6 Innspel frå Helse Førde

SAKSFRAMSTILLING

Samandrag

Fylkesdirektøren legg i denne saka fram tilråding til opplæringstilbod for skuleåret 2016-17.

Del 1 er kort om bakgrunn for saka med informasjon om gruppe, plass- og elevtal ved våre vidaregåande skular inneverande skuleår

Del 2 omtaler føresetnader, både dei økonomiske føresetnadene som ligg til grunn for framlegget, forventta søkjargrunnlag til vidaregåande skule med rett til eit tilbod, og endringar i tilbodsstrukturen som gir konsekvensar for opplæringstilbodet.

Det er i økonomiplanen lagt til grunn at tal grupper, som følgje av elevtalsreduksjonen, skal reduserast med 26 grupper i perioden 2014-16. Det vart sett i verk ein reduksjon på netto ni grupper for skuleåret 2015-16. I høve gjeldande føresetnader stod det att ein reduksjon på 17 grupper. I budsjettsaka for 2016 har ein vurdert innsparingskravet opp mot dei siste publiserte GSI-tala, som syner mindre nedgang i tal elevar frå grunnskulen enn kva som låg som tidlegare føresetnader. Desse endra elevtalsføresetnadene er grunnlaget for at fylkesdirektøren meiner det ikkje vil vere mogeleg å redusere gruppetalet med meir enn maksimalt 11 grupper skuleåret 2016-17.(FU-sak 5/15 Økonomiplan 2016-19) Framlegget frå fylkesdirektøren syner ein netto nedgang på 11,5 grupper.

Opplæringstilbodet for kvart skuleår må tilpassast forventta søkjargrunnlag og tilgang på læreplassar i dei yrkesfaglege utdanningsprogramma. Søkjargrunnlaget er basert på tal for inntekne elevar som skal vidare på vg2 og vg3 og tal søkjarar ein forventar frå grunnskulane. Fylkesdirektøren har i år justert elevtalsføresetnadane grunna innsparingskravet, slik at søkjarar ein ut frå erfaringstal ser søkjer til andre skular, ikkje er med i grunnlaget for dimensjoneringa.

Del 3 omtalar fagopplæringsnemnda sitt vedtak. Opplæringskontora sine innspel til fagopplæringsnemnda er vedlegg 2. og det er gjort greie for erfaringane frå arbeidet med formidling til læreplassar. Opplæringskontora, einskildbedrifter og fagopplæringsnemnda gir viktige innspel i høve arbeidskraftbehova i dei yrkesfaglege retningane. Erfaringane med formidling av lærlingar/ lærekandidatar er og med på å gje grunnlag for framlegg om justeringar. Dei vidaregåande skulane sine innspel med fylkesdirektøren sine vurderingar er også referert i del 3.

Del 4 er fylkesdirektøren sitt framlegg til opplæringstilbod for skuleåret 2016-17, endringane er i høve tilbodet som er sett i gang for inneverande skuleår.

I del 5 er konsekvensar for personalet omtala.

Avslutningsvis er dei største utfordringane omtala i del 6.

Fylkesdirektøren legg fram forslag til det opplæringstilbodet som skal lysast ut ved den enkelte vidaregåande skule, og i tråd med ramma for grupperessursar til disposisjon. Opplæringstilbodet vert justert etter at søkjartala er kjende, 2. mars 2016. Den økonomiske ramma for tilrådd utlyst tilbod er tilpassa innsparingskravet i gjeldande økonomiplan. Konsekvensar av fylkestinget sitt endelege vedtak i budsjett for 2016 og økonomiplan 2016-2019 må innarbeidast.

1. Bakgrunn for saka

Saka gjeld framlegg til opplæringstilbod ved dei vidaregåande skulane skuleåret 2016-17. Det vedtekte tilbodet vert lyst ut med søknadsfrist 1. februar for søkjarar med fortrinnsrett og søkjarar som søkjer om rett til spesialundervisning. For andre søkjarar er fristen 1. mars. Etter søknadsfristen vil ein, så godt som råd er, tilpasse tilbodet ved skulane til søkinga.

Tilbodsstrukturen i vidaregåande opplæring etter Kunnskapsløftet inneheld no 13 utdanningsprogram, fem studieførebuande og åtte yrkesfaglege utdanningsprogram. Frå hausten 2016 er det to endringar i tilbodsstrukturen. Utdanningsprogrammet medium og kommunikasjon er endra frå eit yrkesfagleg til eit studieførebuande utdanningsprogram. I tillegg er det oppretta eit nytt studieførebuande utdanningsprogram: kunst, arkitektur og design. Endringane og konsekvensane er omtalte seinare i saka.

For meir informasjon om tilbodsstrukturen i vidaregåande opplæring sjå [Vilbli.no](http://vilbli.no)

Som bakgrunnsinformasjon er samla oversikt over plassar, og inntekne ved våre vidaregåande skular skuleåret 2015-16.

Skulnavn	Igangsett tilbod 2015-2016		Inntekne etter rett:			Totalt inntekne	Ledige pl.
	Klasser	Plasser	U-rett	F og V-rett	I-rett		
Dale vidaregåande skule	8	185	161	1	13	175	9
Eid vidaregåande skule	22	396	359	2	4	365	30
Firda vidaregåande skule	13	355	315	1	12	328	27
Flora vidaregåande skule	29	568	534	3	9	546	21
Hafstad vidaregåande skule	19	526	476	2	15	493	31
Høyanger vidaregåande skule	8	154	141	4	6	151	3
Mo og Øyrane vidaregåande skule	36	454	408	12	44	464	-11
Måløy vidaregåande skule	20	314	288	3	8	299	15
Sogndal vidaregåande skule	45	816	746		13	759	56
Stryn vidaregåande skule	14	300	266		14	280	18
Årdal vidaregåande skule	12	225	191	5	11	207	18
Total	226	4293	3885	33	149	4067	217

Tabell 1. U-rett betyr ungdomsrett, og er den søkjargruppa fylkeskommunen har ansvar for å gje eit opplæringstilbod. F-rett betyr fullføringsrett, og er ein rett søkjaren får eitt år, dersom han er innteken utan rett året før. V-rett betyr vaksenrett, på grunnlag av alder, dvs. over 24 år. I-rett er søkjarar utan nokon rettar til vidaregåande opplæring. Tabellen syner at det er teke inn 149 elevar utan rett. Dei er elevar vi ikkje har plikt til å tilby opplæring.

2. Føresetnader

2.1 Økonomisk ramme

Skuleåret 2015-16 er det sett i gang i alt 226 grupper.

Det er i gjeldande økonomiplan lagt til grunn at tal grupper, som følgje av elevtalsreduksjonen, skal reduserast med 26 grupper i perioden 2014-16. Det er sett i verk ein reduksjon på netto ni grupper for skuleåret 2015-16. I høve gjeldande føresetnader står det att å redusere med 17 grupper.

I budsjettsaka for 2016. (HO-sak 21/15- Budsjett 2016) har ein vurdert innsparingskravet opp mot dei siste publiserte GSI-tala. Elevtalet frå grunnskulen våren 2016 syner ein liten auke i høve våren 2015. Fylkesdirektøren gjorde i budsjettsaka greie for at det vil vere mogeleg å redusere gruppetalet med maksimalt 11 grupper skuleåret 2016-17. Slik reduksjon føreset ei vurdering av plasstalet på alle tre nivå i opplæringsløpet, og gjev eit opplæringstilbod som har mindre differanse mellom forventa søkjartal og tilgjengelege plassar. Skulebruksplanen legg til grunn at elevtalsutvikling i lag med høg oppfyllingsgrad i gruppene skal vere styrande for opplæringstilbodet.

Elevtalet frå grunnskulen er grunnlag for forventa elevtal i vg1, og tilsvarande har ein nytta elevtal i vg1 som grunnlag for dimensjonering på vg2. I tillegg til elevane i grunnskulen har vi 25-30 elevar i innføringsgruppene for minoritetsspråklege, som vil ha ungdomsrett dersom dei søker. Dei er med i dimensjoneringsgrunnlaget.

For å auke utnyttingsgraden i det samla opplæringstilbodet har fylkesdirektøren i større grad gjort vurderingar av sannsynleg søkjarmasse. Kor mange elevar søker ikkje til våre skular, korleis vil tal omval utvikle seg og kor mange ledige plassar er fylt opp av søkjarar utan rett?

Vi har erfaringstal for tal elevar som går på skule i andre fylke, dvs elevar med ungdomsrett som tek ut retten i andre fylke. Det gjeld elevar i Hordaland gjennom Hordalandsavtalen og andre vi kjøper plass til i Hordaland og i andre fylke. I tillegg kjem elevar på landslinjer og landsdekkande tilbod, elevar i privatskular i eige og andre fylke og elevar som har fått plass på fylkeskommunale skular i andre fylke der det har vore ledige plassar. Inneverande skuleår er dette til saman 60 elevar.

Vi har også erfaringstal for tal elevar som gjer eit omval. Omvala er som oftast frå vg1 til nytt vg1, eller frå vg2 til vg1 eller vg2. Behovet for plassar til omval ligg i det samla framlegget frå fylkesdirektøren. Dei siste åra har omvalskapasiteten totalt vore på 100-150 plassar. Elevtalet (med ungdomsrett) i fylket går ned. I år er det ca. 3900 med rett i våre skular, skuleåret 2014-15 var talet ca. 4100. Det er venta at omvalstala vil gå ned, både som resultat av at tal elevar i skule

går ned, og som resultat av endringane i § 6 i forskrift til opplæringslova. Endringa inneber at for fag som er fullførde med karakteren 2 eller betre (bestått) skal denne karakteren følgje eleven fram til vitnemålet. Å gjere omval for å forbetre beståtte fellesfag har ikkje lenger noko hensikt.

I plasstalsbufferen for omval ligg også dei venta «ledige plassane» som konsekvens av at elevar med ungdomsrett ikkje går på våre vidaregåande skular. For å nå innsparingskravet og har fylkesdirektøren redusert bufferen for omval.

Framlegget frå fylkesdirektøren syner ein netto nedgang på 11,5 grupper, som svarer til omlag 11 grupper i ressursar.

Fylkestinget har i skulebruksplanen (FT-sak 26/13)gjort vedtak om at det er ei målsetjing at oppfyllinga i gruppene skal vere så høg som mogeleg. Vedtaket i punkt 6 lyder:

Det er ei målsetjing at oppfyllingsgraden skal vere så høg som mogleg. Det skal vere minimum 8 søkjarar med ungdomsrett i kvar gruppe på yrkesfaglege utdanningsprogram og minimum 20 søkjarar med ungdomsrett i kvar gruppe på studieførebuande utdanningsprogram frå skuleåret 2014/15.

I HO- sak 34/13 Opplæringstilbodet for skuleåret 2014-15 gjorde hovudutval for opplæring slikt tilleggsvedtak:

Krav til minimumssøkjartal i utdanningsprogrammet musikk, dans og drama skal vere 16 søkjarar til kvart av nivåa vg1, vg2 og vg3 musikk og 16 søkjarar samla for dans og drama for kvart av nivåa.

Ut frå den økonomiske situasjonen har fylkesdirektøren i større grad vore nøydd til å ta omsyn til venta søking til eigne skular, og omvalsbufferen er mindre. Vedteken skulestruktur, der mange skular berre har ei gruppe per programområde, gjer at reduksjon av grupper i stor grad er gjort ved skulane med fleire grupper per programområde. I arbeidet med justering av opplæringstilbodet i mars 2016 vil søkinga syne kva tilbod som tilfredsstillar kravet til minimumssøknad.

Fylkesdirektøren har i framlegget til opplæringstilbod arbeidd ut frå den økonomiske ramma. Endringa i berekningsgrunnlaget for elevtalet, som det er gjort greie for, ligg som føresetnad. Fylkesdirektøren vurderer framlegget som stramt, men meiner det gjev rom for inntekne elevar som skal vidare på vg2 og vg3 og tal søkjarar ein forventar frå grunnskulane.

Fylkesdirektøren legg her fram ei tilråding til samla opplæringstilbod ved skulane på 215 grupper.

I vedtaket om justering av opplæringstilbodet for 2015-16 gjorde hovudutval for opplæring vedtak om at tilboda som ikkje vart sette i gang for skuleåret 2015-16 skulle vurderast i sak om opplæringstilbodet for 2016-17. Desse har vore med i vurderingsgrunnlaget.

Endringane som er presenterte er i høve tilbod som er sette i gang. Differansen mellom utlyste og igangsette tilbod for 2015-16 var stor, og den økonomiske ramma gjev ikkje grunnlag for å lyse ut tilbod for 2016-17 på nivå med utlyst tilbod for 2015-16. Det var lyst ut 234,5 grupper og sett i gang 226 grupper.

2.2 Elevgrunnlaget

Tabell 2 syner GSI-tala (des 2014) for elevar i 9.klasse skuleåret 2014-15. Prognosen synte 1468 avgangselevar frå grunnskulen våren 2016.

Fylket samla		Fylket	
Årssteg	Fødd i	Inn i vgs i år:	Sum
10	1999	2015	1460
9	2000	2016	1468
8	2001	2017	1436
7	2002	2018	1371
6	2003	2019	1445

Tabell 2 Framskrivning av tal avgangselevar frå grunnskulen i perioden 2015-2019
Kjelde GSI-tal for skuleåret 2014-15, publisert 12.12.2014

Sjølv om GSI-tala er dei mest korrekte tilgjengelege tala, syner grunnskulane sine innmeldingar av avgangselevar frå grunnskulane no i haust eit høgare tal. I alt er 1475 elevar melde inn for start i vidaregåande opplæring hausten 2016.

Oversikt over framskriving per kommune og region er vedlegg 1.

Som konsekvens av innsparingskrava i sektoren har fylkesdirektøren nytta tal inntekne elevar med ungdomsrett som grunnlaget for vidareføring til vg2 og vg3 neste år. Denne ordninga vart innført frå og med opplæringstilbodet for 2013-14. Inntekne vi ikkje har plikt til å vidareføre til neste nivå er ikkje med i dimensjoneringsgrunnlaget. Søkjarar med fullføringsrettar får inntak etter søkjarar med ungdomsrett, men før søkjarar utan rett. På vg1 er det i 2015-16 teke inn 18 (29) elevar utan ungdomsrett, og på vg2 er det teke inn 6 (6) elevar til programområde med vidareføring til vg3. Tala frå 2014-15 i parentes.

Vg2		Utlyst tilbod 15-16		Igangssett tilbod 15-16		Fylkesdirektøren sitt framlegg til tilbod 16-17		Inntekne vg1 15-16 med rett til vidareføring i vg2 16-17
		Plassar	Grupper	Plassar	Grupper	Plassar	Grupper	
Totalt BA	Bygg- og anleggsgfag	144	12	150	12	126,0	10,0	121
Totalt DH	Design og handverk	36	3	24	2	18,0	1,5	22
Totalt EL	Elektrofag	134	11	135	11	135,0	11,0	139
Totalt HS	Helse- og oppvekstfag	172	12,5	159	11,5	174,0	12,5	169
Totalt ID	Idrettsfag	88	3	90	3	90,0	3,0	87
Totalt MD	Musikk, dans og drama	48	2	48	2	48,0	2,0	37
Totalt MK	Medier og kommunikasjon	30	2	30	2	30,0	2,0	32
Totalt NA	Naturbruk	42	3	36	3	36,0	3,0	35
Totalt RM	Restaurant- og matfag	51	4	36	3	36,0	3,0	45
Totalt SS	Service og saferdsel	96	7,5	103	7	102,0	7,0	71
Totalt ST	Studiespesialisering	573	20	618	21	588,0	20,0	571
Totalt TP	Teknikk og industriell produksjon	210	17	202	16,5	172,0	14,0	206
Totalsum		1624	97	1631	94	1555,0	89,0	1535

Tabell 3 og kapasiteten på vg2 nivå i framlegget frå fylkesdirektøren med inntekne på vg1 inneverande år som har rett til vidareføring 2016-17.

Tabellen syner situasjonen som er omtala innleiingsvis, med mindre differanse mellom forventa søkjartal og tilgjengelege plassar. Det er likevel slik at søkjarar som for eksempel etter vg1 gjer omval til nytt vg1, frigjer plass på vg2. Det vil også i mykje mindre grad enn tidlegare vere rom for søkjarar utan ungdomsrett.

Tabellen syner litt knapp kapasitet i utdanningsprogrammet teknikk og industriell produksjon, men mange av elevane frå vg1 teknikk og industriell produksjon går etter erfaring til vg2 transport og logistikk i utdanningsprogrammet service og samferdsel. Kapasiteten i desse to utdanningsprogramma må difor sjåast under eitt.

For dei andre utdanningsprogramma er tilbodet stramt, men plasstalet på vg2 er etter fylkesdirektøren si vurdering akseptabelt ut frå føresetnadene som er lagt til grunn for opplæringstilbodet.

2.3 Endringar i tilbodsstrukturen i vidaregåande opplæring

Utdanningsprogrammet medium og kommunikasjon

I saka om opplæringstilbodet for 2015-16 gjorde fylkesdirektøren greie for at utdanningsprogrammet medium og kommunikasjon sin plass i tilbodsstrukturen var ute på høyring. Resultatet vart:

«Kunnskapsdepartementet har besluttet at utdanningsprogram for medier og kommunikasjon gjøres om fra et yrkesfaglig utdanningsprogram til et studieforbereidende utdanningsprogram fra skoleåret 2016-17.»

Som konsekvens av vedtaket vert elevtalet i gruppene auka frå 15 til 30. Ny ordning vert innført trinnvis frå vg1 2016-17, vg2 2017-18 og vg3 2018-19.

Vg3 medium og kommunikasjon for skuleåra 2016-17 og 2017-18

Vedtaket i skulebruksplanen inneber at Sogndal vidaregåande skule skal tilby vg3 medium og kommunikasjon. Skuleåra 2014-15 og 2015-16 hadde Firda vgs og Hafstad vgs ei tilleggsløyving på 5 t/v for å gje elevane frå vg2 medium og kommunikasjon høve til å få vitnemål frå vg3 medium og kommunikasjon, i staden for vitnemål frå vg3 påbygging til generell studiekompetanse. Grunngevinga for denne overgangsordninga var at elevane hadde starta vg1 før vedtaket i skulebruksplanen var gjort.

Til skuleåret 2016-17 er medium og kommunikasjon fasa ut ved Firda vidaregåande skule, medan Hafstad vidaregåande skule har tilbudet på vg1 og vg2.

Fylkesdirektøren rår til at overgangsordninga med 5 t/v tilleggstimar vert vidareført ved Hafstad vidaregåande skule for skuleåret 2016-17 og 2017-2018. Frå skuleåret 2018-19 vil vg3 medium og kommunikasjon vere 3.året i det studieførebuande utdanningsprogrammet, og tilbudet må vere dimensjonert ut frå talet elevar i vg2.

Nytt studieførebuande utdanningsprogram: kunst, design og arkitektur

Frå skuleåret 2016-17 blir utdanningsprogrammet studiespesialisering med formgjevingsfag erstatta av det nye studieførebuande utdanningsprogrammet kunst, design og arkitektur. Også her vert det trinnvis innføring. Nye læreplanar er under arbeid. Ved Hafstad vidaregåande skule vert vg1 kunst, design og arkitektur lyst i staden for studiespesialisering med formgjevingsfag.

3. Innspel frå fagopplæringsnemnda, opplæringskontor og dei vidaregåande skulane

3.1 Fagopplæringsnemnda sine innspel

Fagopplæringsnemnda handsama innspel til opplæringstilbodet i møte 28.10, sak 9/15. Nemnda gjorde slikt samrøystes vedtak:

Fagopplæringsnemnda tilrår at hovudutval for opplæring gjer følgjande endringar i opplæringstilbodet 2016-17:

1. Det blir oppretta vg1 teknikk og industriell produksjon ved Stryn vidaregåande skule
2. Vg2 brønnteknikk blir ikkje lyst ut
3. YSK-tilbodet skal evaluerast, det skal særleg undersøkast i kva grad YSK-lærlingane tek opp plassar for ordinære lærlingar
4. Hovudutval for opplæring må særleg vurdere dimensjoneringa av elektrofag.
5. Fagopplæringsnemnda er oppteken av at ein i opplæringstilbodet tar inn over seg dei store endringane som skjer på teknologisida i ferje- og nærkystflåten med bruk av el- og hybridløysingar. Dette krev ny kompetanse inn i næringa, og nedtak grunna få læreplassar siste året bør ikkje vektleggast sterkt ved dimensjoneringa for 2016 -2017.

Fagopplæringsnemnda byggjer sitt vedtak på innspel frå opplæringskontora. Desse er oppsummerte i FON-sak 9/15 som er vedlegg 2 og 3

Punkt 3 i vedtaket omhandlar elevane på YSK-ordninga (tidlegare TAF), 4-årig opplæringstilbod som gjev både yrkes- og studiekompetanse.

Fylkesdirektøren sine vurderingar:

Fylkesdirektøren registrerer at fagopplæringsnemnda har konkrete framlegg til endringar i opplæringstilbodet ved skulane.

Ei evaluering av verknadene av YSK- tilboda ser fylkesdirektøren som eit godt innspel. Måløy vidaregåande skule har hatt YSK-tilbod gjennom mange år, hovudsakeleg i utdaningsprogrammet teknikk og industriell produksjon og helse- og oppvekstfag, men tilbudet er no utvida til å omfatte andre utdanningsprogram. Mo og Øyrane vidaregåande skule fekk godkjenning for å starte opp YSK-service og samferdsel skuleåret 2014-15. Fylkesdirektøren rår til at evalueringa vert gjennomført før sak om opplæringstilbodet for 2017-18 skal handsamast, slik at ev endringar kan innarbeidast der.

Opplæringskontoret for elektrofag (NELFO) viste i sitt innspel til fagopplæringsnemnda for førre skuleår til behovet for fleire fagarbeidarar i bransjen, då særleg i Nordfjord. Som resultat vart tilbudet på vg1 på Eid vidaregåande skule auka. Det samla elevtalet på vg1 elektro vart auka allereie skuleåret 2013-14, både fordi fylkesdirektøren måtte be skulane ta inn nokre elevar utan

tilbod og fordi skulane tok inn ekstra elevar utan avtale. Konsekvensane er både at kapasiteten på vg2 elenergi er auka og at presset på lærebedriftene har auka. Læreplasssituasjonen syner no at det ikkje er rom for så mange elevar i dette programområdet, og fylkesdirektøren har i sitt framlegg redusert kapasiteten.

3.2 Oppsummering av arbeidet med formidling til lærekontrakt/opplæringskontrakt

I saka til fagopplæringsnemnda om opplæringsstilbodet for 2016-17 vart erfaringane med formidlingsarbeidet oppsummert slikt:

«25. august stod det att 91 søkjarar med ungdomsrett utan læreplass, dette er ein nedgang frå året før på 55. Dei næraste vekene etter dette fekk mange av søkjarane eit tilbod, men i ein del bransjar har det vore vanskeleg å få læreplass til alle.

Nytt i år er at alle søkjarar utan læreplass ved skulestart vart kalla inn til informasjonsmøte på avgjevarskulen. Møte omhandla vg3-tilbod i skule og samtale med arbeidslivskontakten. Dei vidaregåande skulane har gjennom m.a. dette fått ein sterkare rolle i formidlingsarbeidet i år.

I år, som tidlegare år, er tilgangen på læreplassar i industrimekanikarfaget ikkje tilstrekkeleg i forhold til tal søkjarar. Nytt i år er at det særleg i elektrofaga, brønnteknikk, matros og motormannfaga står fleire utan læreplass.

Læreplassøkjarar med ungdomsrett har rett på eit tilbod. Dersom dei ikkje får tilbod om læreplass i bedrift har dei rett på alternativ opplæring, vg3 i skule. Fylkeskommunane samarbeider om slike tilbod for at flest mogeleg kan gjere seg nytte av tilboda som vert sette i gang.

Sogn og Fjordane fylkeskommune har i år oppretta vg3-tilbod i bilmekanikar,- industrimekanikar- og elektrikarfaga. I matrosfaget har vi kjøpt plass på skuleskipet Christian Radich, tre takka ja til dette. I brønnteknikk har vi saman med Hordaland fylkeskommune, opplæringskontoret live2learn i Hordaland og bransjen fått laga til eit tilbod til dei elevane som 1. oktober stod utan tilbod frå fylkeskommunen. Ein elev takka ja til dette. I faga barne- og ungdomsarbeid, helsearbeidar og salsfaget har vi gitt tilbod om vg3 i skule i andre fylke. Ingen av våre ungdommar har valt å takke ja til dette. Det vil og blir starta opp vg3-tilbod i helsearbeidarfaget for vaksne her i fylket. Erfaringa til fylkesdirektøren er at kompetansen etter eit vg3-tilbod i skule ikkje er attraktiv. I tillegg er det mange som ikkje fullfører opplæringa.»

3.3 Innspel frå Stryn kommune

Stryn kommune ber Sogn og Fjordane fylkeskommune, i brev av 2.11.15, om å tilbakeføre teknikk og industriell produksjon til Stryn vidaregåande skule. Kommunen syner til positiv elevtalsutvikling, sterk landbasert industri og behov for rekruttering til transportbransjen. I tillegg syner kommunen til det gode samarbeidet mellom lokalt næringsliv og skulen, og til behovet for å rekruttere relevant arbeidskraft til kommunen. Vedlegg 4.

Fylkesdirektøren si vurdering

Som resultat av vedtaket i skulebruksplanen (FT-sak 26/13) vart utdanningsprogrammet teknikk og industriell produksjon ikkje tilbod ved Stryn vidaregåande skule. Denne endringa av tilbodsstrukturen var ei av mange endringar som følgje av vedtaket, og dei vidaregåande skulane gjennomførde ein omfattande prosess i etterkant med fordeling av maskiner og utstyr. Maskiner og utstyr frå teknikk og industriell produksjon ved Stryn vidaregåande skule er fordelt på skulane som no har teknikk og industriell produksjon. I tillegg er eine verkstadshallen bygd om til treningsstudio. Fagmiljøet eksisterer i stor grad ikkje lengre ved skulen. Fylkesdirektøren syner til problemstillinga knytt til manglande rekruttering til programområde transport og logistikk ved Stryn vidaregåande skule. Fylkesdirektøren si vurdering er at Stryn vidaregåande skule og bransjen må informere tydelegare om at vg1 service og samferdsel er vegen til vg2 transport og logistikk, dersom søkjarane ynskjer opplæringa i Stryn kommune. Denne informasjonen må også med når den vidaregåande skulen informerer i grunnskulen. I tillegg vil fylkesdirektøren peike på det generelle kravet ein stiller til dei vidaregåande skulane; at dei informerer søkjarar om tilbod ut over tilbod ved eigen skule. Skulane med vg1 teknikk og industriell produksjon skal synleggjere tilbodet om vg2 transport og logistikk.

I del 4 er det under utdanningsprogrammet teknikk og industriell produksjon gjort greie mangelen på tilgjengelege læreplassar og behovet for oppretting av fylkeskommunale vg3-tilbod i skule som alternativ for dei som ikkje fekk læreplass. Fylkesdirektøren finn ikkje å kunne rå til at kapasiteten på vg1 teknikk og industriell produksjon vert auka. I tillegg vil ein ha re-etableringskostnadene ved Stryn vidaregåande skule.

3.4 Innspel frå dei vidaregåande skulane

Skuleåret 2015-16 er andre året med gjeldande skulebruksplan som grunnlag.

Følgjande endringar utover vedtaket i skulebruksplanen vart vedtekne for skuleåret 2014-15:
- vg2 reiseliv vart oppretta ved Stryn vgs i kombinasjon med vg2 sal, service og sikkerheit utdanningsprogrammet sal, service og sikkerheit ved Mo og Øyrane vidaregåande skule vart gjort om til 4årig YSK tilbod, dvs. Eit opplæringstilbod som gjev både yrkes- og studiekompetanse.

Skulane hadde frist til 24.9.15 for å kome med framlegg til endringar av opplæringstilbodet, innanfor rammene av dei utdanningsprogram/ programområde som er på den enkelte skule. I fylkestinget si handsaming av skulebruksplanen for 2013-2024 (FT-sak 26/13) omhandlar punkt 17 i vedtaket samarbeid og utvikling. Fylkesdirektøren tolkar dette vedtaket slik at intensjonen er at det innafor rammene av vedtaket skal vere høve til utvikling og nytenking. Det er grunnlaget for å gje skulane høve til framleis å kome med innspel til opplæringstilbodet.

Fylkesdirektøren har, på grunn av innsparingskravet, fleire framlegg til endringar av opplæringstilbodet enn skulane har omtalt i sine innspel. Samla oversikt over endringsframlegga til fylkesdirektøren er omtalt i del 5, samla per utdanningsprogram, og oppsummert per skule.

Under følgjer kort oppsummering av innspel frå skulane, med fylkesdirektøren sine vurderingar.

Innspela frå skulane er vedlegg 5

Årdal, Høyanger, Dale, Måløy, Stryn vidaregåande skular har ikkje framlegg til endringar av opplæringstilbodet. Dei ynskjer likevel å spele inn moment dei meiner er viktige for opplæringstilbodet:

- Årdal vidaregåande skule peikar på at tilbodet i yrkesfaga må vere tilpassa tilgangen på læreplassar.
- Høyanger vidaregåande skule peikar på at skulen etter vedtak i skulebruksplanen manglar alternative utdanningsprogram for jenter som ikkje ynskjer/bør gå på studiespesialisering. Skulen har teke initiativ til eit samarbeid mellom Høyanger og Mo og Øyrane vidaregåande skular for å få til ein alternativ opplæringsmodell som tek i vare dette.
- Dale vidaregåande skule peikar på at skulen i år har full klasse på vg1 helse- og oppvekstfag, og såleis vil ha rekruttering til vg2 helsearbeidarfag skuleåret 2016-17. IB-tilbodet ved skulen (International Baccalaureate) vert utvida til å omfatte vg3 i tillegg til vg2, dvs. i alt 6 plassar.
- Måløy vidaregåande skule gjev uttrykk for at opplæringstilbodet ved skulen er tilpassa søkjarane sine ynskje og behov i næringslivet i lokalsamfunn/ region. For dei fylkesdekkjande tilboda meiner skulen at tilbodet er tilpassa fylket sine behov.
- Også Stryn vidaregåande skule gjev uttrykk for at opplæringstilbodet ved skulen er tilpassa søkjarane sine ynskje og behov i næringslivet.

Fylkesdirektøren fekk i brev frå Kunnskapsdepartementet, datert 13.10.15 avslag på søknaden om landslinetilbod i skiskyting ved Stryn vidaregåande skule. Avslaget er grunngjeve med at det ikkje er rom for å prioritere ei ny landsline i skiskyting i budsjettet for 2016.

Sogndal vidaregåande skule.

- Skulen ynskjer å gjere vg2 sal, service og sikkerheit om til vg2 sal, service og reiseliv. Dette er i tråd med signala i ny læreplan.
- Skulen ynskjer å gjere ei av gruppene i byggfag om til vekslingsmodell i betongfag/byggfag for å kome næringa sitt behov for fagarbeidarar i møte. Det er tenkt som eit 4-årig vekslingsløp mellom skule og bedrift. Nærare om gjennomføring går fram av vedlegg 5 .
- Skulen fekk ei ekstra gruppe vg2 elenergi inneverande år. Skulen ynskjer å halde fram med to grupper.
- Når utdanningsprogrammet medium er og kommunikasjon no vert studieførebuande, med 30 elevplassar i gruppene, vil det truleg føre til at vg1 studiespesialisering kan reduserast med ei gruppe.

Fylkesdirektøren sine vurderingar

Vg2 reiseliv var tilbod ved Sogndal vidaregåande skule fram til skulebruksplanen vart gjeldande. Erfaringa frå tidlegare er at det er svært vanskeleg å få elevane ut i lære etter vg2, sidan det er få heilårs reiselivsbedrifter i fylket. Læreplasssituasjonen var grunnlaget for vedtaket i skulebruksplanen om å ikkje ha tilbodet i eige fylke, men heller kjøpe plassar i andre fylke. Stryn vidaregåande skule fekk likevel opprette ei halv gruppe vg2 reiseliv i lag med ei halv gruppe vg2

sal, service og sikkerheit frå skuleåret 2015-16. Fylkesdirektøren si vurdering er at ein bør avklare læreplasssituasjonen våren 2016 før ein gjer nye vurderingar med tanke på utviding av kapasiteten.

Fylkesdirektøren rår til at skulen får prøve ut ein vekslingsmodell (mellom skule og næringsliv) for ei gruppe vg1 bygg- og anleggsteknikk, i tråd med søknaden.

Fylkesdirektøren er samd med skulen i vurderinga om at ein kan redusere tilbodet på vg1 studiespesialisering frå fire til tre grupper når utdanningsprogrammet medium og kommunikasjon frå hausten har 30 elevplassar.

Hafstad vidaregåande skule

- Skulen peikar på konsekvensane av endringane i tilbodsstrukturen. Utdanningsprogrammet medium og kommunikasjon vert studieførebuande med 30 elevplassar per gruppe, og studiespesialisering med formgjeving vert erstatta av det nye utdanningsprogrammet kunst, design og arkitektur.

Fylkesdirektøren sine vurderingar

Fylkesdirektøren meiner ein kan gjere same vurderingane ved innføring av medium og kommunikasjon studieførebuing ved Hafstad vidaregåande skule som ved Sogndal vidaregåande skule, og redusere vg1 studiespesialisering frå fire til tre grupper. Inneverande år er det teke inn 108 søkjarar med ungdomsrett til 120 plassar på vg1, noko som utgjør 12 ledige plassar i den fjerde gruppa på vg1.

Mo og Øyrane vidaregåande skule

- Skulen meiner den store søkinga til vg1 bygg- og anleggsteknikk inneverande år bør gje grunnlag for å utvide kapasiteten frå tre til fire grupper for 2016-17.
- I utdanningsprogrammet helse- og oppvekstfag har skulen ei halv gruppe vg2 helseservicefag. Elevane i denne gruppa ynskjer å søkje vidare til vg3 apotektekniikk, eit tilbod vi ikkje har i fylket. Skulen ynskjer å opprette ei halv gruppe vg3 apotektekniikk.
- I vg2 ambulansesfag er det no ynskje frå Helse Førde om å auke plasstalet frå seks til ni plassar. Skulen støttar framlegget.
- Utviklingsprosjektet for rekruttering til naturbruksutdanning i fylket vart vedteke i 2013. (FT26/13) Satsinga har gjeve gode resultat, og det var venteliste etter 1. inntak til skuleåret 2015-16. Skulen ynskjer å utvide kapasiteten på vg1 naturbruk frå ei til to grupper.
- Som konsekvens av at vg1 restaurant- og matfag vart redusert frå to til ei gruppe i justeringsaka i mars foreslår skulen at vg2 kokk- og servitør vert redusert tilsvarande for skuleåret 2016-17.
- Skulen ynskjer å reservere tre av plassane i YSK-tilbodet i service og samferdsel til søkjarar som ynskjer programområdet vg2 transport og logistikk.
- Skulen ynskjer og at minimumskarakterane for inntak til YSK (minimum karakteren 4 i matte og naturfag), vert endra til faga matte og norsk for YSK- service og samferdsel. Grunngevinga er at norsk har større relevans.
-

Innspel frå Helse Førde ambulansetenesta knytt til vg2 ambulansesfag. Vedlegg nr 6

- Helse Førde melder at dei no har gjort organisatoriske endringar og kan ta i mot inntil 9 lærlingar i ambulansesfaget årleg. Frå deira ståstad er det eit ynskje at elevtalet i vg2 er noko høgare enn talet læreplassar, då dei ser at nokre fell frå utdanningsløpet. Behovet for fleire lærlingar skuldast revidert akuttmedisinforskrift frå våren 2015. Frå 2018 må begge som er på jobb i ein ambulans ha autorisasjon som helsepersonell. Helse Førde spelar også inn at dei har behov for rekruttering av menn. Det er stort sett jenter som konkurrerer seg inn på vg2 ambulansesfag, og Helse Førde oppmodar fylkeskommunen om å vurdere andre inntakskriterium enn karakterar.

Fylkesdirektøren sine vurderingar

Det er tilgjengelege læreplassar i bygg- og anleggsbransjen, men utfordringa er at det ikkje har vore tilstrekkeleg tal søkjarar dei siste åra. Opplæringskontoret for bygg og anleggsteknikk meiner tilbodet på vg1 bør aukast med ei gruppe i fylket. Med grunnlag elevtalsauken i kommunane som rekrutterer til skulen og rekrutteringsbehovet i bransjen har fylkesdirektøren auka gruppetalet frå tre til fire i framlegget til utlyst tilbod.

Vg3 apotekteknikk er eitt av tre tilbod på vg3 nivå etter vg2 helseservicefag, dei andre er tannhelsesekretær og helsesekretær. Sjølv om elevane i år gjev uttrykk for at dei vil bli apotekteknikarar, er det lite truleg at neste års kull har same prioriteringane. Fylkesdirektøren si vurdering er at å opprette ei halv gruppe vg3 apotekteknikk vil bli eit kostbart tilbod, då det vil vere ei halv gruppe ein ikkje har noko tilbod å kombinere med. Fylkesdirektøren meiner alternativet for desse søkjarane er at fylkeskommunen kjøper plass i andre fylke.

Ein auke i plasstalet på vg2 ambulansesfag frå 6 til 9 plassar er uproblematisk når Helse Førde no kan ta i mot 9 lærlingar per år. Å ta inn fleire enn plasstalet gir rom for, for å kompensere for moglege fråfall, er ein praksis vi ikkje nyttar her i fylket.

Opplæringslova gjev ikkje opning for å rangere søkjarar til vidaregåande opplæring på grunnlag av andre kriterium enn karakterane. Det er unntak for vg1 musikk, dans og drama, der inntil halvparten av søkjarane kan takast inn på grunnlag av ferdigheiter. Det er inga opning for kjønnskvoltering.

Skulen syner til at satsinga på rekruttering til naturbruk har gjeve auke i søkjartalet. Fylkesdirektøren er samd med at dette er positivt, men det er framleis ikkje stor tilstrøyming til utdanningsprogrammet. Per 2. mars 2015 var det 17 primærsøkjarar med ungdomsrett til vg1 naturbruk og 9 til vg1 naturbruk med hest.

I den nasjonale tilbodsstrukturen for vidaregåande opplæring er det berre eitt vg1 naturbruk. Vårt tilbod om vg1 naturbruk med hest er ei lokal tilpassing som gjev betre grunnlag for vg2 heste- og hovslagarfag enn ordinært vg1 naturbruk gjer. Dersom interessa for landbruksutdanningane er aukande kan eit alternativ vere å ikkje tilby vg1 naturbruk med hest, men å ha to grupper vg1 naturbruk. Vi har per i dag ingen med ungdomsrett i lære i verken hestefaget eller hovslagarfaget. Fylkesdirektøren har ikkje gjort framlegg om å endre opplæringstilbodet i naturbruk.

Til innspela til service og samferdsel syner fylkesdirektøren til del 4 i saksutgreiinga, fylkesdirektøren sine framlegg til endringar.

Flora vidaregåande skule

- Skulen viser til elevtalsnedgangen frå kommunane Florø og Bremanger våren 2016, med tilsvarende auke igjen våren 2017. Ut frå dette meiner skulen ein må ivareta elevane sitt søkjarmønster på vg1 og strukturen på vg2 skuleåret 2017-18. Med dette perspektivet har skulen, som grunnlag for dimensjonering på vg1, og i tillegg til avgangselevane frå grunnskulen, også rekna med elevar i innføringsgruppa, forventa tal omvalselevar på vg1 og forventa pendling av elevar frå andre kommunar i Sunnfjord.
- På vg2 brønnteknikk ser skulen at alle som ynskte lærekontrakt våren 2014 fekk kontrakt, medan berre 2 fekk kontrakt våren 2015. Skulen meiner at dei ikkje har grunnlag for å gjere kvalifiserte vurderingar kring læreplasssituasjonen og strukturelle forhold i næringa i åra framover.
- I utdanningsprogram service og samferdsel har skulen det fylkesdekkjande tilbodet vg2 IKT-servicefag. Dette er einaste vg2 tilbodet i heile strukturen som har kryssløp frå alle utdanningsprogramma. Inneverande skuleår rekrutterer vg2 IKT-servicefag 2 av 15 elevar frå eige vg1 service og samferdsel. For å kunne gje eit vg2 tilbod til søkjarane frå vg1 service og samferdsel ber skulen om at ein vurderer å opprette eit vg2 sal, service og sikkerheit ved Flora vidaregåande skule.

Fylkesdirektøren sine vurderingar

Fylkesdirektøren syner til delen av innspelet frå skulen som omhandlar elevtalsutvikling og dimensjoneringsgrunnlag. Retten til vidaregåande opplæring er ikkje knytt til ein særskilt skule, men til utdanningsprogram/programområde. Dersom ein skulle leggje inn føringar om forventa tal omvalssøkjarar må dette prinsippet for dimensjonering vere gjeldande i heile fylket, og ikkje berre for inntaksområdet til ein skule. Fylkesdirektøren si vurdering er at plassar til omvalssøkjarar må vere del av det total plasstalet i utlyst tilbod, og at arbeidet med justering av opplæringstilbodet i mars 2016 vil gje svaret på kor desse plassane skal vere.

Vg2 brønnteknikk var nytt tilbod i Sogn og Fjordane frå skuleåret 2013-14. Tidlegare vart det kjøpt plassar i andre fylke. Slik situasjonen er i oljerelaterte næringar, både internasjonalt, nasjonalt og lokalt, finn fylkesdirektøren ikkje å kunne tilrå oppstart av vg2 brønnteknikk hausten 2016.

Fylkesdirektøren er samd i skulen si vurdering knytt til vg2 tilbod i utdanningsprogrammet service og samferdsel. Frå skuleåret 2014-15 vart utdanningsprogrammet service og samferdsel ved Mo og Øyrane vidaregåande skule lagt om til 4-årig YSK –tilbod. Konsekvensen av det er at elevane

frå ordinært vg1 service og samferdsel ikkje har vg2 tilbod i Sunnfjord utover det fylkesdekkjande vg2 IKT-servicefag.

Med full gruppe på vg1 service og samferdsel på Flora vidaregåande skule bør ein ha høve til vidareføring på vg2 utover vg2 IKT-servicefag. Vi veit av erfaring at vg2 IKT-servicefag berre i liten grad rekrutterer frå vg1 service og samferdsel.

Måløy vidaregåande skule

- Skulen meiner dimensjoneringa med to grupper vg2 maritime fag er rett.
- Skulen ser at rekruttering til vg2 akvakultur har auka gradvis dei siste åra, i år er det 8 elevar på vg2 akvakultur i kombinasjon med YSK-elevar.
- Skulen syner til at det i år er full gruppe på vg1 restaurant- og matfag, som grunnlag for vg2 kokk og servitør. 2016-17. (Vg2 vart ikkje sett i gang hausten 2015 grunna berre 3 primærskjarar med ungdomsrett.)
- Skulen har i helse- og oppvekstfag på vg2 tilbod om barne- og ungdomsarbeidarfag. Skulen har vg2 helsearbeidarfag for YSK elevane i helse og oppvekstfag, men ikkje for elevane frå ordinært vg1 helse og oppvekstfag. Skulen ynskjer å kunne tilby fleksibel fordeling mellom barne- og ungdomsarbeidarfag og helsearbeidarfag for sistnemnde elevgruppe.
- Skulen meiner bygg- og anleggsgfaga er svært viktige for rekruttering til det lokale/regionale næringslivet. Søkjartalet til vg1 bygg- og anleggsteknikk har vore noko varierende frå år til år, men skulen ender opp med tilfredstillande tal elevar ved skulestart.

Fylkesdirektøren sine vurderingar

Ut frå erfaringane med formidling til læreplass frå vg2 maritime fag er fylkesdirektøren samd med skulen i at fylket ikkje kan ha meir enn to grupper.

Fylkesdirektøren si vurdering er at med full gruppe vg1 restaurant- og matfag inneverande år må kapasiteten på vg2 vere tilpassa potensielt søkjargrunnlag.

Fylkesdirektøren vil ikkje gå inn for at skulen tilbyr ordnært vg2 helsearbeidarfag. Her er behovet dekt ved dei skulane som har tilbodet i strukturen per no.

Firda vidaregåande skule

- Skulen meiner det ligg godt til rette for å oppretthalde påbygging til generell studiekompetanse som tilbod ved skulen. Skulen har hatt påbygging til generell studiekompetanse frå skuleåret 2013-14, og resultatene er gode. Skulen ber om at det vert vurdert å leggje påbyggingstilbod til søkjarar med rett til påbygging etter fagkompetanse til skulen.
- Når medium og kommunikasjon no vert eit tre-årig studieførebuande utdanningsprogram er dette noko skulen gjerne vil tilby. Hovudgrunnen er omsynet både til ungdom i Nordfjord og elles i fylket. Skulen starta opp medium og kommunikasjon i 2001, og hadde tilbodet fram til 2013. Skulen har lokale, utstyr og tilgang på nødvendig kompetanse. Skulen meiner det er stor interesse for faget blant ungdom, og at det alltid var gode søkjartal til medium og kommunikasjon. Det ligg godt til rette for samarbeid mellom musikk, dans og drama og medium og kommunikasjon ved skulen.

Fylkesdirektøren sine vurderingar

For dei samla vurderingane kring påbygging til generell studiekompetanse syner fylkesdirektøren til omtalen i del 5 i saka, der ein drøftar alternative løysingar for vg4 påbygging til generell studiekompetanse for søkjarar med rett etter bestått fag- og yrkesopplæring.

Nå utdanningsprogrammet medium og kommunikasjon frå hausten 2016 blir studieførebuande betyr det at plasstalet i gruppene vert auka frå 15 til 30. Gjennom vedtaket i skulebruksplanen vart tilbodet i medium og kommunikasjon redusert frå å vere tilbod ved tre til å vere tilbod ved to skular, Sogndal og Hafstad vidaregåande skular. Det samla plasstalet i fylket vil frå hausten bli 60 plassar på vg1. Primærøkinga (søkjarar som har det som første ynske) til utdanningsprogrammet medium og kommunikasjon har gått kraftig ned dei siste åra, frå 97 til skuleåret 2012-13 til 45 til skuleåret 2015-16. Det er grunn til å tru at noko av reduksjonen skuldast at tilbodet ikkje lenger er i Nordfjord, slik skulen peikar på. Det er grunn til å tru at søkjartalet vil auke noko når utdanningsprogrammet blir studieførebuande. Fylkesdirektøren trur likevel ikkje at det vil vere søkjargrunnlag for 90 plassar i fylket

Eid vidaregåande skule

- Skulen meiner at det på grunnlag av den låge søkinga dei siste åra ikkje er naturleg å lyse ut utdanningsprogrammet kunst, arkitektur og design (erstatninga for studiespesialisering med formgjevingsfag)
- Skulen ynskjer å kunne tilby vg2 automasjon (med vg3 automatiseringsfaget frå hausten 2017) som nytt programområde ved skulen. Grunngevinga for innspelet er at elektro/automasjonsmiljøet i Nordfjord er stort, og at enkeltverksemdar gjev uttrykk for at veksten vert hemma av mangel på tilgangen av lærlingar.
- Skulen meiner søkinga dei siste åra syner at vg2 interiør og utstillingsdesign i utdanningsprogrammet design og handverk kan reduserast med ei halv gruppe og lysast ut med 6 plassar.
- I utdanningsprogrammet teknikk og industriell produksjon ser skulen at det er for mykje å ha fire grupper vg1 teknikk og industriell produksjon, og at tilbodet bør reduserast til tre. Det landsdekkjande programområdet vg2 industriell møbelproduksjon har også hatt låge søkjartal, og skulen meiner at også dette tilbodet bør reduserast med ei halv gruppe.

Fylkesdirektøren sine vurderingar

Fylkesdirektøren er samd med skulen si vurdering kring studiespesialisering- formgjevingsfag, og rår til at det nye utdanningsprogrammet kunst, design og arkitektur ikkje vert tilbod ved skulen.

Til skulen sitt innspel om vg2 automasjon syner fylkesdirektøren til del 4, om utdanningsprogrammet elektrofag.

På grunnlag av søkjartala dei siste åra er fylkesdirektøren samd i skulen si vurdering av behova på vg2 interiør og utstillingsdesign og vg2 industriell møbelproduksjon. Fylkesdirektøren vil gjere merksam på at denne reduksjonen ikkje betyr innsparring på ei gruppe. Desse programområda er frå ulike utdanningsprogram, og det dei har felles er 9 t/v fellesfag.

Fylkesdirektøren meiner som tidlegare, at programområda må ha timar til full deling i programfag, med unntak av der læreplanmåla er dei same.

4. Fylkesdirektøren sitt samla framlegg til endringar av opplæringstilbodet.

Som omtala innleiingsvis er innsparingskravet stort, og fylkesdirektøren har måtta vurdere ulike reduksjonar i tilbodet for å halde den økonomiske ramma. Som vist tidlegare i saka aukar tal avgangselevar frå grunnskulen med om lag 10 frå i fjor.

Plasstalet på vg1 er redusert etter tal avgangselevar der skulane har klare inntaksregionar. Det er gjort slik at reduksjonane ikkje kjem i konflikt med skulebruksplanen. Konsekvensen er at reduksjonane på vg1 er foreslått på dei skulane med meir enn ei gruppe per programområde.

I yrkesfaga er 17 av dei 29 ulike programområda vi har i fylket fylkesdekkjande, dvs. lokaliserte berre til ein skule. Trass dette har fylkesdirektøren forsøkt å balansere tilbodet både totalt i fylket og regionalt. Der framlegga har innsparingskravet som hovudargument, har ein likevel vurdert om det er forsvarleg ut frå plasstalet i det samla framlegget. Alle tal for søkjarar og inntekne refererer til dei med ungdomsrett.

Som nemnt innleiingsvis vurderer fylkesdirektøren det samla framlegget til opplæringstilbod for 2016-17 som stramt, men likevel forsvarleg ut frå forventa søkjartal. I starten av desember vil vi ha eit betre oversyn over forventa søkjartal. Gjennom ei pre-utfylling vert alle i Vigo-(databasen for inntak til vidaregåande opplæring) som skal ha ungdomsrett neste skuleår, tildelt eit referansenummer. Tal potensielle søkjarar med referansenummer gir oss det maksimale tal søkjarar med ungdomsrett. Til skuleåret 2015-16 synte det seg at tal pre-utfylte søkjarar var om lag 100 færre enn året før. Det skuldast både at elevtalet hadde gått sakte ned og at fleire gjennomførte vidaregåande opplæring på kortare/normert tid. Parameteren pre-utfylde har tidlegare berre vore nytta i inntaksarbeidet. Dessverre er den ikkje klar før etter at opplæringstilbodet er vedteke.

Alle fylka har til ei i kvar tid ein større «pool» av søkjarar med ungdomsrett enn dei som søker kvart år. All ungdom som går ut av grunnskulen har rett på tre års vidaregåande opplæring i løpet av fem år.

Når søkjartala er kjende 2.mars vert tilbodet tilpassa søkinga så godt som råd er. Fylkesdirektøren er budd på at dette arbeidet kan bli krevjande, der ein både skal ta i vare alle søkjarane sine rettar til vidaregåande opplæring og samtidig halde seg til fylkestinget sitt vedtak om minimumssøking/oppfyllingsgrad.

Framlegget til endringar i opplæringstilbodet er presentert per utdanningsprogram, ut frå tilbod som er sette i gang 2015-16.

Til utdanningsprogrammet idrettsfag gjer ein merksam på at vg3 idrettsfag frå 2016-17 er fasa ut ved Stryn vidaregåande skule som konsekvens av vedtaket i skulebruksplanen. Tilsvarande er vg3 medier og kommunikasjon i kombinasjon med påbygging til generell studiekompetanse fasa ut ved Firda vidaregåande skule. Til utdanningsprogramma musikk, dans og drama, naturbruk og kunst, design og arkitektur har fylkesdirektøren ingen framlegg til endringar av opplæringstilbodet.

Utdanningsprogrammet bygg- og anleggsteknikk

Ved Sogndal vidaregåande skule er det på vg1 bygg- og anleggsteknikk inneverande år teke inn 33 elevar. Det betyr grunnlag for 3 grupper på vg2. Av omsynet til det totale fagmiljøet i bransjen rår Fylkesdirektøren til at det vert lyst ut ei gruppe vg2 byggtteknikk, ei gruppe vg2 anleggsteknikk og ei gruppe vg2 klima, energi og miljøteknikk. Det betyr at vg2 byggtteknikk vert redusert med ei gruppe.

Som nemnt under vurderingane av Mo og Øyrane vgs sitt innspel fører innsparingskravet til at fylkesdirektøren ikkje gjer framlegg om å auke tilbodet på vg1 bygg- og anleggsteknikk.

Også på vg1 bygg- og anleggsteknikk ved Mo og Øyrane vidaregåande skule er det inneverande år teke inn tal elevar som gjev for 3 grupper på vg2. (vg1 36 elevar) Alle deler av bygg- og anleggsbransjen melder om rekrutteringsutfordringar, og søkjartala til byggtteknikk har dei seinare åra har vore svært låge. For å støtte opp om rekrutteringsarbeidet til byggnæringa rår fylkesdirektøren til at ein beheld to grupper vg2 byggtteknikk og reduserer med ei gruppe vg2 anleggsteknikk.

Fylkesdirektøren si tilråding i bygg- og anleggsteknikk:

- Vg2 anleggsteknikk ved Mo og Øyrane vidaregåande skule vert redusert med ei gruppe
- Vg2 byggtteknikk ved Sogndal vidaregåande skule vert redusert med ei gruppe

Utdanningsprogrammet design og handverk

Her er fylkesdirektøren samd med Eid vidaregåande skule i at søkjartale syner at er tilstrekkeleg med 0,5 gruppe vg2 interiør og utstillingsdesign.

Under fylkesdirektøren sine vurderingar av framlegget frå Eid vidaregåande skule er det gjort greie for kombinasjonen med det landsdekkjande tilbodet vg2 industriell møbelproduksjon. Kombinasjonen vil gje innsparing på om lag 9 t/v.

Fylkesdirektøren meiner at ein på grunnlag av svake søkjartal dei siste åra ikkje skal tilby det nye utdanningsprogrammet kunst, design og arkitektur ved Eid vidaregåande skule. Studiespesialisering-formgjevingsfag (som vert erstatta av kunst, design og arkitektur), vart ikkje sett i gang skuleåra 2014-15 eller 2015-16 pga. for låge søkjartal.

Fylkesdirektøren si tilråding i design og handverk:

- Vg2 interiør- og utstillingsdesign ved Eid vidaregåande skule vert redusert med ei halv gruppe
-

Utdanningsprogrammet elektrofag

I vedtaket om justering av opplæringstilbodet(Ho-sak 8/15) for 2015-16 gjorde hovudutval for opplæring slikt vedtak:

Hovudutvalet for opplæring set av ein grupperessurs til oppretting av ei ekstra gruppe ved behov i samband med inntaket. Fylkesrådmannen får mynde til å disponere grupperessursen i samband med inntak.

Den ekstra gruppa vart disponert på vg1 elektrofag og lagt til Eid vidaregåande skule.

Fylkesdirektøren er samd med Eid vidaregåande skule i at ein i bør ta tilbodet på vg1 elektrofag ned igjen til to grupper ved skulen.

Læreplasstilgangen syner at kapasiteten i utdanningstilbodet bør justerast endå ei gruppe ned, og då må ein starte på vg1 nivå. Fylkesdirektøren rår difor også til at tilbodet på vg1 elektrofag ved Flora vidaregåande skule vert redusert med ei gruppe.

Inntekne på vg1 har rett på vidareføring til vg2, så den langsiktige løysinga for å tilpasse skuletilbodet til tilgjengelege læreplassar er å redusere på vg1, slik fylkesdirektøren gjer framlegg om.

Som gjort greie for under avsnittet med oppsummering av arbeidet med formidling til læreplass, er elektrofag eitt av fagområda der ein i år har måtta opprette vg3 i skule som alternativ til læreplass, og fylkesdirektøren er budd på at det kan bli situasjonen skuleåret 2016-17 også.

Frittstående bedrifter i elektrobransjen har munnleg, gjennom Eid vidaregåande skule og fylkesdirektøren, meldt inn behov for rekruttering av fagarbeidarar innanfor automasjon i Nordfjord. Opplæringskontoret for elektrofag (NELFO) har ikkje innspel til opplæringstilbodet.

For å kome rekrutteringsbehovet i møte vil fylkesdirektøren leggje til rette for at vg2 automasjon vert lyst ut ved Eid vidaregåande skule som ei forsøksordning for skuleåret 2016-17. Det er ein føresetnad at bedrifter i bransjen bidreg med den kompetansen og det utstyret som Eid vidaregåande skule måtte mangle for å gjennomføre opplæringa.

Automasjon er eit sokalla avviksfag i tilbodsstrukturen for yrkesfaga, med tre år i skule og to år i lære, mot to år skule og to år lære i dei fleste yrkesfaga. Oppretting av vg2 automasjon medfører vidareføring på vg3 automatisering neste år.

Sett i lys av læreplasssituasjonen vil skifte av ei gruppe frå vg2 elenergi til vg2 automasjon redusere presset på læreplassar våren 2017 når vg2 skal vidare til vg3 automatisering. Det vil samtidig auke dei samla opplæringskostnadane frå to til tre år i skule.

Det er forhåpningar om arbeidsplassar og læreplassar i automatisering og dataelektronikk når Lefdal Mine Datacenter kjem i drift. Fylkesdirektøren meiner det er grunn til å vere nøkternt optimistisk med tanke på tilgjengeleg læreplassar.

Ut frå argumentasjonen over rår Fylkesdirektøren til at vg2 automasjon vert lyst ut med ei gruppe ved Eid vidaregåande skule for skuleåret 2016-17.

Den samla kapasiteten på vg2 elenergi er auka med to grupper sidan 2013-14, og, som gjort greie for under fylkesdirektøren sine vurderingar knytt til fagopplæringsnemnda sine innspel, bør plasstalet på vg2 elenergi ned igjen. Fylkesdirektøren rår difor til at den ekstra vg2 gruppa som vart lagt til Sogndal vidaregåande skule for 2015-16 ikkje vert vidareført for 2016-17.

Fylkesdirektøren si tilråding i elektrofag:

- Vg1 elektrofag ved Eid vidaregåande skule vert redusert med ei gruppe
- Vg2 automasjon ved Eid vidaregåande skule vert oppretta med ei gruppe
- Vg1 elektrofag ved Flora vidaregåande skule vert redusert med ei gruppe
- Vg2 elenergi ved Sogndal vidaregåande skule vert redusert med ei gruppe

Utdanningsprogrammet helse- og oppvekstfag

Det vart oppretta ei ekstra gruppe vg1 helse- og oppvekstfag ved Sogndal vidaregåande skule for 2015-16 pga. stor søking. Ein gjer no framlegg om å redusere kapasiteten frå tre grupper tilbake til to grupper. På grunn av auken på vg1 i fjor bør tilbodet på vg2 aukast frå to til tre grupper, då berre Sogndal vidaregåande skule har tilbod om helse- og oppvekstfag i regionen.

Fylkesdirektøren si tilråding i helse- og oppvekstfag:

- Vg1 helse- og oppvekstfag ved Sogndal vidaregåande skule vert redusert med ei gruppe
- Vg2 helsearbeidarfag ved Sogndal vidaregåande skule vert auka med ei gruppe

Utdanningsprogrammet restaurant- og matfag

Fylkesdirektøren si vurdering er at med full gruppe vg1 restaurant- og matfag ved Måløy vidaregåande skule inneverande år, vil det vere søkjargrunnlag til vg2 kokk og servitør skuleåret 2016-17.

Ved Mo og Øyrane vidaregåande skule vil det ikkje vere søkjargrunnlag til meir enn ei gruppe vg2 kokk og servitør, då skulen berre har ei gruppe vg1 restaurant- og matfag inneverande år. Hotell- og restaurantbransjen i fylket melder om behov for fleire lærlingar. Fylkesdirektøren rår difor til at vg1 restaurant- og matfag vert utlyst med to grupper som i fjor.

Fylkesdirektøren si tilråding i restaurant- og matfag:

- Vg2 kokk og servitør ved Måløy vidaregåande skule vert auka med ei gruppe
- Vg2 kokk og servitør ved Mo og Øyrane vidaregåande skule vert redusert med ei gruppe

Utdanningsprogrammet service og samferdsel

Fylkesdirektøren er samd med Flora vidaregåande skule si vurdering av behovet for eit vg2 tilbod i sal, service og sikkerheit ved skulen.

Vg2 transport og logistikk har hatt svak søking over fleire år. Inneverande år er det totalt 22 elevar med ungdomsrett i dei tre gruppene i fylket, (Sogndal, Mo og Øyrane og Stryn) med til saman 36 plassar. Sogndal vidaregåande skule har landslinetilbod i yrkessjåfør i tillegg til vg2 transport og logistikk, og dei to tilboda samarbeider. I skulebruksplanen vart Stryn vidaregåande skule gjort til tyngdepunkt for service og samferdsel i Nordfjord.

Fylkesdirektøren rår difor til at vg2 transport og logistikk ikkje vert lyst ut ved Mo og Øyrane vidaregåande skule. Skulen sitt ynske om å reservere tre av plassane i YSK-tilbodet til transport og logistikk vert soleis ikkje imøtekome.

Fylkesdirektøren si tilråding i service og samferdsel:

- Vg2 sal, service og sikkerheit ved Flora vidaregåande skule vert lyst ut med ei gruppe
- Vg2 transport og logistikk ved Mo og Øyrane vidaregåande skule vert ikkje lyst ut.

Utdanningsprogrammet teknikk og industriell produksjon

Elevane frå programområdet vg2 brønnteknikk er i vår ramma av krisa i oljebransjen, og berre to av 12 elevar fekk læreplass. Fagopplæringsnemnda tilrår at programområdet ikkje vert lyst ut for skuleåret 2016-17. På grunnlag av erfaringane med formidling til læreplass i år meiner også fylkesdirektøren at vi ikkje kan lyse ut tilbodet for skuleåret 2016-17.

Dei to siste åra har læreplasstilgangen i lærefaga innanfor teknikk og industriell produksjon ikkje vore i samsvar med søkinga, og det har stått mange søkjarar att utan læreplass. Både i køyretøy og i industrimekanikarfaget har ein måtta opprette vg3 i skule som alternativ til læreplass. Fylkesdirektøren ser at også innanfor utdanningsprogrammet teknikk og industriell produksjon bør kapasiteten i skule noko ned. Fylkesdirektøren rår difor til at vg1 teknikk og industriell produksjon ved Flora vidaregåande skule vert redusert med ei gruppe. Skulen har meir enn ei gruppe i programområdet, eit avgrensa inntaksområde, og det er relativt enkelt å justere vg1 nivået etter svingingane i elevtal.

Fylkesdirektøren syner i tillegg til omtale av nedgangen i elevtalet frå grunnskulane i Flora. Fylkesdirektøren syner til behovet for vg3 i skule som alternativ for dei som ikkje fekk læreplass i år, og vil difor råde til at ein reduserer med ei vg2 gruppe i utdanningsprogrammet i tillegg. Fylkesdirektøren rår til at vg2 industriteknologi ved Måløy vidaregåande skule ikkje vert lyst ut. Skulen har i år 22 elevar med ungdomsrett i vg1 teknikk og industriell produksjon. Skulen har i år fire grupper vg2 i utdanningsprogrammet, ei gruppe køyretøy, ei gruppe industriteknologi og to grupper maritime fag. Maritime fag er fylkesdekkjande, men fylkesdirektøren meiner likevel at kapasiteten er tilstrekkeleg. Framlegget om ikkje å tilby industriteknologi er ikkje i tråd med skulebruksplanen.

Som konsekvens av behovet for å redusere kapasiteten på vg1 teknikk og industriell produksjon rår fylkesdirektøren til at kapasiteten på vg1 teknikk og industriell produksjon ved Eid vidaregåande skule vert redusert frå fire til tre grupper.

Til det landsdekkjande tilbodet vg2 industriell møbelproduksjon ved Eid vidaregåande skule har det vore svak søking. Det er heller ingen søkjarar frå andre fylke. Fylkesdirektøren syner til vurderingane som er gjort under innspelet frå Eid vidaregåande skule, og rår til at vg2 industriell møbelproduksjon vert redusert med ei halv gruppe. Som nemnt gjev reduksjonen ei innsparing på 10 t/v ved at vg2 industriell møbelproduksjon og vg2 interiør og utstillingsdesign kan ha opplæring i fellesfaga i lag.

Fylkesdirektøren syner til fagopplæringsnemnda si tilråding om å gjenopprette vg1 teknikk og industriell produksjon ved Stryn vidaregåande skule, og Stryn kommune sin førespurnad om det same. Problemstillingane med mangel på læreplassar er omtala i saka. I del 3 under innspelet frå Stryn kommune har fylkesdirektøren også gjort greie for programområdet vg2 transport og logistikk sin plass i tilbodsstrukturen. Vg2 transport og logistikk byggjer på vg1 service og samferdsel. Rekruttering via vg1 teknikk og industriell produksjon er eit kryssløp, og skulen og bransjen må legge innsats i å informere søkjarar til transportbransjen om begge vegar inn til vg2 transport og logistikk.

Fylkesdirektøren finn ikkje å kunne tilrå oppretting av utdanningsprogrammet teknikk og industriell produksjon ved fleire skular.

Fylkesdirektøren si tilråding i teknikk og industriell produksjon:

- Vg2 brønnteknikk ved Flora vidaregåande skule vert ikkje lyst ut
- Vg1 teknikk og industriell produksjon ved Flora vidaregåande skule vert redusert med ei gruppe
- Vg2 industriell møbelproduksjon ved Eid vidaregåande skule vert redusert med ei halv gruppe
- Vg1 teknikk og industriell produksjon ved Eid vidaregåande skule vert redusert med ei gruppe
- Vg2 industriteknologi ved Måløy vidaregåande skule vert ikkje sett i gang

Utdanningsprogrammet medium og kommunikasjon

Endringa frå yrkesfagleg- til studieførebuande utdanningsprogram betyr auke i plasstalet i gruppene frå 15 til 30.

Fylkesdirektøren har ingen framlegg til endringar i utdanningsprogrammet.

Utdanningsprogrammet studiespesialisering

Utdanningsprogrammet studiespesialisering er det største utdanningsprogrammet, med om lag 1/3 av elevane og 20% av gruppetalet på vg1.

Når vg1 medium og kommunikasjon no vert studieførebuande utdanningsprogram, med 30 elevar i gruppene, betyr det auka kapasitet i studieførebuande utdanningsprogram. Sogndal vidaregåande skule har spelt inn at ein kan ta ned vg1studiespesialisering med ei gruppe som resultat av auken på medium og kommunikasjon. Fylkesdirektøren er samd i den vurderinga, og meiner at ein kan gjere det same ved Hafstad vidaregåande skule. Ved begge skulane vert vg1 studiespesialisering då lyst ut med tre grupper og 90 plassar, i tillegg til 1 gruppe med 30 plassar på vg1 medium og kommunikasjon. Reduksjonen i plasstal på studieførebuande utdanningsprogram vert 15 ved kvar skule.

Når studiespesialisering-formgjevingsfag no vert gjort om til kunst, design og arkitektur er fylkesdirektøren samd med Eid vidaregåande skule i at ein på grunnlag av svake søkjartal dei siste åra ikkje lyser ut det nye utdanningsprogrammet ved skulen. Studiespesialisering-formgjevingsfag er ikkje sett i gang for 2015-16.

I tillegg er det behov for justeringar ved nokre skular for tilpassing til gruppetalet inneverande år. Desse endringane går fram av fylkesdirektøren si tilråding.

Fylkesdirektøren si tilråding i studiespesialisering:

- Vg1 studiespesialisering ved Sogndal vidaregåande skule vert redusert med ei gruppe
- Vg1 studiespesialisering ved Hafstad vidaregåande skule vert redusert med ei gruppe

- Vg3 studiespesialisering ved Hafstad vidaregåande skule vert redusert med ei gruppe
- Vg2 studiespesialisering ved Flora vidaregåande skule vert redusert med ei gruppe
- Vg3 studiespesialisering ved Flora vidaregåande skule vert auka med ei gruppe
- Vg3 studiespesialisering ved Stryn vidaregåande skule vert auka med ei gruppe

Programområdet påbygging til generell studiekompetanse

Vg4 Påbygging til generell studiekompetanse etter bestått fag- og yrkesopplæring.

Med verknad frå 1.8.14 vart opplæringslova §3-1 utvida, og det vart innført rett til vg4 påbygging til generell studiekompetanse etter bestått fag- og yrkesopplæring. Nytt ledd i §3-1 lyder:

Den som har fullført og bestått fag- og yrkesopplæring som ein del av ungdomsretten etter første ledd, har etter søknad rett til eitt års påbygging til generell studiekompetanse. Det same gjeld andre som har fullført og bestått fag- og yrkesopplæring innan utgangen av det året dei fyller 24 år. Retten gjeld dei som har fullført og bestått fag- og yrkesopplæring i 2014, eller seinare. Retten kan takast ut når som helst innan utgangen av det året vedkommande fyller 24 år. Lovføresegna i tredje ledd om at retten må takast ut i løpet av ein samanhengande periode på fem, alternativt seks år, gjeld ikkje her.

Det betyr at søkjarar som har bestått fag- og yrkesopplæringa har rett på eit tilbod som gjev studiekompetanse. Dei konkurrerer ikkje på karakterane frå vg2 yrkesfag. Tilbodet er eit vg4-tilbod, men søkjarane skal ikkje ha utvida ungdomsrett, då det er innført ein eigen «rett til påbygging» etter § 3-1. Informasjon om inntak etter den nye retten går frå Vigo til Lånekassen. Dette utløyser rett til lån og stipend på kvoten for høgare utdanning. For dei som har bestått fag/yrkesopplæring er det krav om opplæring i 23 t/v i staden for 30 t/v i ordinært vg3 påbygging til generell studiekompetanse.

Til skuleåret 2015-16 var det 25 søkjarar med rett til påbygging etter bestått fagbrev, og per.1.9 var det teke inn 17 elevar. Seks av desse 17 tek ut påbyggingsretten ved vg3 naturbruk studieførebuande.

Fylkesdirektøren reknar med at søkjertalet kan auke med åra, sidan alle som har bestått fag/yrkesopplæring etter 1.1.14 har retten.

Denne gruppa søkjarar til påbygging til studiekompetanse konkurrerer ikkje på vg2 karakterane, men har rett til eit tilbod. For skuleåret 2015-16 var det ikkje eit eige tilbod til denne gruppa. Den einaste måten å sikre at dei fekk oppfylt retten var å reservere plass til dei. Fylkesdirektøren såg det som ynskjeleg å vere så fleksibel som mogeleg med omsyn til kor nær skulestart fagprøven var bestått, slik at søkjarane skulle sleppe å vente eitt år ekstra. Det førte til mykje ekstra kontrollarbeid.

Fylkesdirektøren har vurdert to alternativ for å ta i vare retten til påbygging til generell studiekompetanse etter bestått fag- og yrkesopplæring:

1. Fylkeskommunen kan fortsette som no, utan søkbare tilbod for desse søkjarane, der vi reserverer plassar i ordinære grupper vg3 påbygging til generell studiekompetanse.
2. Fylkeskommunen kan opprette eit eige søkbart alternativ med undervisning 23 t/v.

Argument som talar for eit eige tilbod er at opplæringa kan gjennomførast på fire dagar i veka, at førebuingane til inntaket vil bli meir oversiktlege og at det vil bli ei gruppe av elevar med same utgangspunkt, og truleg høg motivasjon.

Argumentet som kan tale mot å opprette eit eige tilbod er at vi ikkje nødvendigvis får 30 søkjarar kvart år. Det vil då vere mogeleg å utnytte ev ledig kapasitet ved å fylla opp gruppa med søkjarar til ordinært vg3 påbygging til generell studiekompetanse, med tillegg av kroppsøvningsfaget og eit programfag, til saman 7 t/v. Eit anna argument som kan tale mot å samle søkjarar med bestått fag- og yrkesopplæring i ei gruppe er at skulane med ordinær vg3 påbygging til generell studiekompetanse ikkje får denne motiverte elevgruppa.

Fylkesdirektøren meiner at argumenta som talar for å opprette eit eige tilbod er fleire enn argumenta som talar mot, både med omsyn til å gjere tilbodet meir attraktivt og av omsyn til inntaket. Ein gjer framlegg om å opprette eit eige vg4, påbygging til generell studiekompetanse, etter bestått fag- og yrkesopplæring.

Fylkesdirektøren har vurdert to alternative lokaliseringar, Firda vidaregåande skule og Mo og Øyrane vidaregåande skule. Som Firda vidaregåande skule har spelt inn, har dei gode erfaringar og resultat frå dei åra dei har hatt tilbodet om vg3 påbygging til generell studiekompetanse, då i kombinasjon med vg3 medium og kommunikasjon. Skulen og kommunen har lang erfaring med hybelbuarar og legg godt til rette. Skuleåret 2015-16 er siste år med overgangsordninga for elevar som kom frå vg2 medium og kommunikasjon ved skulen, og utan nytt vedtak fell påbyggingstilbodet vekk ved skulen frå hausten 2016.

Mo og Øyrane vidaregåande skule har spelt inn at dei kan gje tilbodet om vg4 i lag med vg3 naturbruk studieførebuande,(NANAB3----) med ekstra ressursar til 5 t/v. Skulen hadde kombinasjonen mellom vg3 påbygging til generell studiekompetanse og vg3 naturbruk studieførebuande i mange år fram til tilbodet om påbygging vart teke bort i skulebruksplanen.

Søkinga til vg3 naturbruk studieførebuande har vore svak dei siste åra, og i år var det 6 søkjarar med ungdomsrett. Det er ei potensiell problemstilling at tal søkjarar til vg4 blir så høgt at det ikkje blir plass i gruppa i lag med naturbruk studieførebuande.

Fylkesdirektøren sin konklusjon er at ein med bakrunn i innsparingskravet for skuleåret 2016-17 vel den minst kostnadskrevjande løysinga, og opprettar vg4 påbygging til generell studiekompetanse ved Mo og Øyrane vidaregåande skule. Opplæringa skal organiserast i lag med vg3 naturbruk studieførebuande.

Vg3 påbygging til generell studiekompetanse

Ordinært vg3 påbygging til generell studiekompetanse er eit tilbod til alle søkjarar frå vg2 yrkesfag. Denne søkjargruppa konkurrerer om plassane. Fylkesdirektøren har gjort ei vurdering av kapasitetsbehovet på grunnlag av erfaringane med søking til inneverande år, oppnådde resultat og konsekvensane av framlegget om eige tilbod i vg4 påbygging.

For inneverande skuleår (2015-16) vart det lyst ut og sett i gong seks grupper vg3 påbygging til generell studiekompetanse. Det var totalt 226 søkjarar, 162 av desse hadde ungdomsrett. Tala per 8.9.15 syner at det er teke inn 134 elevar med ungdomsrett av i alt 163 inntekne totalt. 17 av elevane som er tekne inn utan ungdomsrett er tidlegare omtala elevar med rett til vg4 påbygging til generell studiekompetanse etter bestått fag- og yrkesopplæring.

I saka om opplæringstilbodet for skuleåret 2013-14, HO-sak 27/12, vart det gjort greie for resultatata for elevar inntekne med låge inntakspoeng, her sett til 33 poeng(karaktersnitt 3,3) eller lågare. I denne elevgruppa var det mange som strauk. Hovudutvalet gjorde vedtak om at kapasiteten frå hausten 2015 sannsynlegvis ville bli redusert.

Problemstillinga kring inntakspoenga sin innverknad på sluttresultatet er den same i dag. Når ein likevel ikkje har teke ned kapasiteten skuldast det læreplassituasjonen i mange fag.

Den krevjande læreplassituasjonen i ein del bransjar har ikkje endra seg, men elevtalet i vg2 yrkesfag er redusert frå 925 skuleåret 2013-2014 til 853 inneverande skuleår. Tal yrkesfaglege elevar på vg1 skuleåra 2012-13 var 1028, mens det skuleåret 2015-16 er 921. Desse tala syner at inntaksgrunnlaget til vg3 påbygging til generell studiekompetanse er lågare no, og at det såleis er rimeleg å redusere kapasiteten.

Fylkesdirektøren har fått ei juridisk vurdering av høvet til å setje ei nedre grense for karakterpoeng for inntak. Konklusjonen er at det ikkje er høve til ei slik avgrensing. Fullført og bestått vg2 yrkesfag er inntaksgrunnlaget. Ein reduksjon av kapasiteten er difor den einaste vegen å gå dersom ein ynskjer at fleire av dei som startar på vg3 påbygging til generell studiekompetanse skal fullføre og bestå.

Fylkesdirektøren vil fremje forslag om at ordinært vg3 påbygging til generell studiekompetanse vert redusert med 1,5 gruppe. Den halve gruppa foreslår fylkesdirektøren vert redusert ved at tilbodet om kombinasjonen påbygging til generell studiekompetanse og medium og kommunikasjon studieførebuande naturleg vert fasa ut ved Firda vidaregåande skule.(0,5 gr + 0,5 gr)

Søklar- og elevtal for inneverande skuleår syner at det er tilboda ved Årdal og Dale vidaregåande skular som har svakast søking og dårlegast oppfylling av elevar med ungdomsrett. Til tilbodet i Dale var det 11 primærsøklarar med ungdomsrett til 30 plassar, og per 8.9 var det teke inn 22 med ungdomsrett. Tilsvarende tal for Årdal vidaregåande skule er 16 søkjarar og 17 inntekne med ungdomsrett.

Ingen av skulane i fylket har meir enn ei gruppe påbygging til generell studiekompetanse. Ei kvar endring i tilbodet rokkar ved strukturen. Fylkesdirektøren argumenterer likevel for at tilbodet bør justerast ned. Vedtaket i skulebruksplanen om høgast mogeleg oppfyltingsgrad tek utgangspunkt i søkjartal.

Fylkesdirektøren rår difor til at tilbodet om vg3 påbygging til generell studiekompetanse ikkje vert lyst ut ved Dale vidaregåande skule for skuleåret 2016-17. Med eit slikt vedtak vil det vere ei gruppe påbygging til generell studiekompetanse i Sogn (Årdal vgs), to i Sunnfjord(Flora og Hafstad vgs) og ei i Nordfjord(Eid).

Fylkesdirektøren si tilråding i påbygging til generell studiekompetanse :

- Vg4 påbygging til generell studiekompetanse etter bestått fag og yrkeskompetanse vert oppretta med ei gruppe ved Mo og Øyrane vidaregåande skule
- Vg3 påbygging til generell studiekompetanse ved Dale vidaregåande skule vert ikkje lyst ut
- Vg3 påbygging til generell studiekompetanse ved Firda vidaregåande skule vert ikkje lyst ut

Tabell 4 syner samla oversikt over fylkesdirektøren sine framlegg til endringar, presentert per skule

Skule	Nivå	Utd. Prg.	Programområdenamn	Fylkesdirektøren sine framlegg til endringar		Fylkesdirektøren sitt framlegg til utlysing av tibod	
				grupper	plassar	grupper	plassar
Sogndal	2	BA	BYGGTEKNIKK	-1	-12	1	12
Sogndal	2	EL	ELENERGI	-1	-12	1	12
Sogndal	1	HS	HELSE- OG OPPVEKSTFAG	-1	-12	2	36
Sogndal	2	HS	HELSEARBEIDERFAG	1	15	2	30
Sogndal	1	ST	STUDIESPESIALISERING	-1	-30	3	78
Dale	3	PB	PÅBYGG TIL GEN STK	-1	-30	0	0
Mo og Øyrane	1	BA	BYGG- OG ANLEGGSTEKNIKK	1	12	4	48
Mo og Øyrane	2	BA	ANLEGGSTEKNIKK	-1	-1	1	23
Mo og Øyrane	3	PB	PÅBYGG TIL GEN STK	1	30	1	30
Mo og Øyrane	1	M	RESTAURANT- OG MATFAG	1	12	2	24
Mo og Øyrane	2	RM	KOKK- OG SERVIDØRFAG	-1	-12	1	12
Mo og Øyrane	2	SS	TRANSPORT OG LOGISTIKK	-1	-15	0	0
Hafstad	1	ST	STUDIESPESIALISERING	-1	-30	3	90
Hafstad	3	ST	STUDIESPESIALISERING	-1	-30	4	120
Flora	1	EL	ELEKTROFAG	-1	-12	1	13
Flora	2	SS	SALG, SERVICE OG SIKKERHET	1	15	1	15
Flora	2	ST	STUDIESPESIALISERING	-1	-30	2	60
Flora	3	ST	STUDIESPESIALISERING	1	30	3	91
Flora	1	TP	TEKNIKK OG IND. PRODUKSJON	-1	-12	1	12
Flora	2	TP	BRØNNTEKNIKK	-1	-12	0	0
Måløy	2	RM	KOKK- OG SERVIDØRFAG	1	12	1	12
Måløy	2	TP	INDUSTRITEKNOLOGI	-1	-12	0	0
Firda	3	PB	PÅBYGG TIL GEN STK	-1	-30	0	0
Eid	2	DH	INTERIØR OG UTSTILLINGSDESIGN	-0,5	-6	0,5	6
Eid	1	EL	ELEKTROFAG	-1	-12	2	24

Eid	2	EL	AUTOMASJON	1	12	1	12
Eld	1	TP	TEKNIKK OG IND. PRODUKSJON	-1	-12	3	36
Eid	2	TP	INDUSTRIELL MØBELPRODUKSJON LAL	-0,5	-6	0,5	6
Stryn	3	id	IDRETTSFAG	-1	-30	0	0
Stryn	3	ST	STUDIESPESIALISERING	1	30	2	60
Sum				-11	-190		

International Baccalaureate (IB)

Fylkestinget gjorde i FT-sak 46/14 Opplæringstilbudet for 2015-16 slikt vedtak.

- 1) *International Baccalaureate (IB), i samarbeid mellom UWC RCN og Dale vidaregåande skule, blir lyst ut som prøveprosjekt over tre år. Prøveprosjektet blir lyst ut med 3 plassar. Den samla fylkeskommunale kostnaden blir 440 000 kr over tre år. Prøveprosjektet vert finansiert innanfor den økonomiske ramma for opplæringstilbudet.*

Tilbudet var lyst ut med tre plassar. Det var fem primærsøkjjarar, og 12 søkjjarar totalt. UWC RCN valde ut tre søkjjarar som fekk tilbod om plassane. Dette vert neste år vidareførte til vg3. Etter søknadsfristen vil fylkesdirektøren sende søkjarlista over til UWC RCN som vil velje ut 3 nye elevar til vg1.

5. Konsekvensar for personalet

I fylkesdirektøren sitt framlegg til opplæringstilbud for skuleåret 2016-17 er det lagt til grunn ein netto reduksjon med 10 grupper. Ein reduksjon av denne storleik vil innebere konsekvensar for personalet, og ein kan forvente eit overtal med om lag 15-20 årsverk. Ein slik reduksjon vil leggje betydeleg press på arbeidet med å finna løysingar for tilsette.

Overtalet må handterast ved neste års stillingsplan ved dei vidaregåande skulane. Det reelle overtalet blir først synleggjort når ein i mars 2016 ser søkjartal og søkjarmønster. Når justeringssaka er vedteken kan skulane ferdigstille sine stillingsplanar, og ein får full oversikt over overtalet. Løyvinga til tilpassa opplæring vil kunne redusere overtalet. Endra rutinar for tildeling av ressursar til tilpassa opplæring, som følgje av ny inntaksforskrift, vil forseinke prosessen med tildeling av midlar til skulane. Fylkesdirektøren vil framleis arbeide for å klargjere ressursituasjonen for skulane tidlegast råd.

6. Oppsummering

Som det går fram av saksframstillinga er framlegget til opplæringstilbud for skuleåret 2016-17 stramt. Det er lagt til grunn forventna søkjargrunnlag på alle nivå. Det er lagt betydeleg vekt på erfaringane frå formidling av læreplassøkjjarane, for slik å kunne dreie opplæringstilbudet for best mogleg gjennomføring av yrkesfaga.

Dei mest problematiske framlegga er der fylkesdirektøren ikkje har rådd til å lyse ut tilbod ved ein skule. Det gjeld vg2 industriteknologi ved Måløy vidaregåande skule, vg2 brønnteknikk ved Flora vidaregåande skule, vg2 transport og logistikk ved Mo og Øyrane vidaregåande skule og vg3 påbygging til generell studiekompetanse ved Dale vidaregåande skule. Alle andre endringar kan tilpassast søkjartala i arbeidet med justeringssaka til våren.

Samla tilbud ved kvar skule**Årdal vidaregåande skule**

				Utløst tilbud 2015-2016		Igangssett tilbod 2015-2016		Fylkesdirektøren sitt framlegg til tilbud 2016-2017		
N	Utd.	Skole	Kode	Programområdenamn	Grup	Plas	Grup	Plas	Grup	Plassar
1	EL	Årdal	ELELE1----	ELEKTROFAG	1,0	12	1,0	12	1,0	12
2	EL	Årdal	ELAUT2----	AUTOMATISERING	1,0	12	1,0	12	1,0	12
3	EL	Årdal	ELAUT3----	AUTOMATISERINGSFAGET	1,0	12	1,0	12	1,0	12
1	SS	Årdal	SSSA1----	SERVICE OG SAMFERDSEL	1,0	15	1,0	17	1,0	17
2	SS	Årdal	SSSS2----	SALG, SERVICE OG SIKKER	1,0	15	1,0	15	1,0	15
1	ST	Årdal	STUSP1----	STUDIESPESIALISERING	1,0	30	1,0	30	1,0	30
2	ST	Årdal	STUSP2----	STUDIESPESIALISERING	1,0	30	1,0	30	1,0	30
3	ST	Årdal	STUSP3----	STUDIESPESIALISERING	1,0	30	1,0	30	1,0	30
1	TP	Årdal	TPTIP1----	TEKNIKK OG IND. PRODU	1,0	12	1,0	12	1,0	12
2	TP	Årdal	TPPIN2----	INDUSTRITEKNOLOGI	1,0	12	1,0	13	1,0	13
2	TP	Årdal	TPKJP2----	KJEMIPROSESS	1,0	12	1,0	12	1,0	12
3	PB	Årdal	PBPBY3----	PÅBYGG TIL GEN STK	1,0	30	1,0	30	1,0	30
					12,0	222	12,0	225	12,0	225

Tilbudet vert lyst ut med 12 grupper

Sogndal vidaregåande skule

					Utlyst tilbod 2015-2016		Igangsett tilbod 2015-2016		Fylkesdirektøren sitt framlegg til tilbod 2016-2017	
									mør	
N	Utd.	Skole	Kode	Programområdenamn	Grup	Plas	Grup	Plas	Grup	Plassar
1	BA	Sogndal	BABAT1----	BYGG OG ANLEGGSTEKN	4,0	48	3,0	38	3,0	38
2	BA	Sogndal	BAANL2----	ANLEGGSTEKNIKK	1,0	12	1,0	12	1,0	12
2	BA	Sogndal	BABYG2----	BYGGTEKNIKK	2,0	24	2,0	24	1,0	12
2	BA	Sogndal	BAKEM2----	KLIMA-/ENERGI/MILJØTE	1,0	12	1,0	12	1,0	12
1	EL	Sogndal	ELELE1----	ELEKTROFAG	2,0	28	2,0	28	2,0	28
2	EL	Sogndal	ELELE2----	ELENERGI	1,0	12	2,0	24	1,0	12
2	EL	Sogndal	ELDEL2----	DATA OG ELEKTRONIKK	1,0	12	1,0	12	1,0	12
3	EL	Sogndal	ELDAT3----	DATAELEKTRONIKERFAG	2,0	24	2,0	24	2,0	24
1	HS	Sogndal	HSHSF1----	HELSE- OG OPPVEKSTFAG	2,0	30	3,0	48	2,0	36
2	HS	Sogndal	HSBUA2----	BARNE- OG UNGDOMSARE	1,0	15	1,0	14	1,0	14
2	HS	Sogndal	HSHEA2----	HELSEARBEIDERFAG	1,0	15	1,0	15	2,0	30
1	ID	Sogndal	IDRET1----	IDRETTSFAG	1,0	30	1,0	30	1,0	30
2	ID	Sogndal	IDIDR2----	IDRETTSFAG	1,0	30	1,0	30	1,0	30
3	ID	Sogndal	IDIDR3----	IDRETTSFAG	2,0	54	1,0	30	1,0	30
1	ME	Sogndal	MEMOK1----	MEDIUM OG KOMMUNIKA	1,0	15	1,0	15	1,0	30
2	MK	Sogndal	MKMED2----	MEDIUM OG KOMMUNIKA	1,0	15	1,0	15	1,0	15
3	MK	Sogndal	MKMED3----	MEDIUM/KOMM, STUDIEF	1,0	30	1,0	15	1,0	15
1	RM	Sogndal	RMRMF1----	RESTAURANT- OG MATFAG	1,0	15	1,0	13	1,0	13
2	RM	Sogndal	RMKOS2----	KOKK- OG SERVITØRFAG	1,0	15	1,0	12	1,0	12
1	SS	Sogndal	SSSA1----	SERVICE OG SAMFERDSEL	1,0	15	1,0	15	1,0	15
2	SS	Sogndal	SSTR12----	TRANSPORT OG LOGISTIK	1,0	15	1,0	15	1,0	15
2	SS	Sogndal	SSSS2----	SALG, SERVICE OG SIKKER	1,0	15	1,0	15	1,0	15
1	ST	Sogndal	STUSP1----	STUDIESPESIALISERING	4,0	108	4,0	108	3,0	78
2	ST	Sogndal	STUSP2----	STUDIESPESIALISERING	4,0	108	4,0	108	4,0	108
3	ST	Sogndal	STUSP3----	STUDIESPESIALISERING	4,0	108	4,0	108	4,0	108
1	TP	Sogndal	TPTIP1----	TEKNIKK OG IND. PRODU	2,0	24	2,0	24	2,0	24
2	TP	Sogndal	TPKJT2----	KJØRETØY	1,0	12	1,0	12	1,0	12
					45,0	841	45,0	816	42	780

Tilbudet vert lyst ut med 42 grupper

Høyanger vidaregåande skule

					Utlyst tilbod 2015-2016		Igangsett tilbod 2015-2016		Fylkesdirektøren sitt framlegg til tilbod 2016-2017	
									mør	
N	Utd.	Skole	Kode	Programområdenamn	Grup	Plas	Grup	Plas	Grup	Plassar
2	DH	Høyanger	DHFRI2----	FRISØR	1,0	12	1,0	12	1,0	12
1	EL	Høyanger	ELELE1----	ELEKTROFAG	1,0	12	1,0	14	1,0	14
2	EL	Høyanger	ELELE2----	ELENERGI	2,0	24	1,0	12	1,0	12
1	ST	Høyanger	STUSP1----	STUDIESPESIALISERING	1,0	30	1,0	32	1,0	32
2	ST	Høyanger	STUSP2----	STUDIESPESIALISERING	1,0	30	1,0	30	1,0	30
3	ST	Høyanger	STUSP3----	STUDIESPESIALISERING	1,0	30	1,0	30	1,0	30
1	TP	Høyanger	TPTIP1----	TEKNIKK OG IND. PRODU	1,0	12	1,0	12	1,0	12
2	TP	Høyanger	TPPIN2----	INDUSTRITEKNOLOGI	1,0	12	1,0	12	1,0	12
					9,0	162	8,0	154	8,0	154

Tilbudet vert lyst ut med 8 grupper

Dale vidaregåande skule

					Utlyst tilbod 2015-2016		Igangsett tilbod 2015-2016		Fylkesdirektøren sitt framlegg til tilbod 2016-2017	
	Utd.								mør	
N		Skole	Kode	Programområdenamn	Grup	Plas	Grup	Plas	Grup	Plassar
1	HS	Dale	HSHSF1----	HELSE- OG OPPVEKSTFAG	1,0	15	1,0	15	1,0	15
2	HS	Dale	HSHEA2----	HELSEARBEIDERFAG	1,0	15	1,0	15	1,0	15
3	PB	Dale	PBPBY3----	PÅBYGG TIL GEN STK	1,0	30	1,0	30	0,0	0
1	ST	Dale	STUSP1----	STUDIESPESIALISERING	1,0	30	1,0	32	1,0	32
2	ST	Dale	STUSP2----	STUDIESPESIALISERING	1,0	30	1,0	30	1,0	30
2	ST	Dale	STUSP2Z---	INTERNATIONAL BACCALAU	0,0	3	0,0	3	0,0	3
3	ST	Dale	STUSP3----	STUDIESPESIALISERING	1,0	30	1,0	30	1,0	30
1	TP	Dale	TPTIP1----	TEKNIKK OG IND. PRODU	1,0	14	1,0	18	1,0	18
2	TP	Dale	TPMPT2----	MARITIM PRODUKSJONSTH	0,5	6	0,5	6	0,5	6
2	TP	Dale	TPPIN2----	INDUSTRITEKNOLOGI	1,0	12	0,5	6	0,5	6
					8,5	185	8,0	185	7,0	155

Tilbudet vert lyst ut med 7 grupper

Mo og Øyrane vidaregåande skule

					Utlyst tilbod 2015-2016		Igangsett tilbod 2015-2016		Fylkesdirektøren sitt framlegg til tilbod 2016-2017	
	Utd.								mør	
N		Skole	Kode	Programområdenamn	Grup	Plas	Grup	Plas	Grup	Plassar
1	BA	Mo og Øyrane	BABAT1----	BYGG OG ANLEGGSTEKNI	3,0	36	3,0	36	4,0	48
2	BA	Mo og Øyrane	BABYG2----	BYGGTEKNIKK	2,0	24	2,0	24	1,0	12
2	BA	Mo og Øyrane	BAANL2----	ANLEGGSTEKNIKK	2,0	24	2,0	24	2,0	24
1	EL	Mo og Øyrane	ELELE1----	ELEKTROFAG	2,0	24	2,0	24	2,0	24
2	EL	Mo og Øyrane	ELDEL2----	DATA OG ELEKTRONIKK	1,0	12	1,0	13	1,0	13
2	EL	Mo og Øyrane	ELELE2----	ELENERGI	1,0	12	1,0	12	1,0	12
1	HS	Mo og Øyrane	HSHSF1----	HELSE- OG OPPVEKSTFAG	3,0	45	3,0	45	3,0	45
2	HS	Mo og Øyrane	HSAMB2----	AMBULANSEFAG	0,5	6	0,5	6	0,5	6
2	HS	Mo og Øyrane	HSSES2----	HELSESERVICEFAG	0,5	6	0,5	6	0,5	6
2	HS	Mo og Øyrane	HSHEA2----	HELSEARBEIDERFAG	3,0	36	2,0	24	2,0	24
2	HS	Mo og Øyrane	HSBUA2----	BARNE- OG UNGDOMSARB	1,0	15	1,0	15	1,0	15
1	NA	Mo og Øyrane	NANAB1----	NATURBRUK	1,0	15	1,0	12	1,0	12
1	NA	Mo og Øyrane	NANAB1-3-	NATURBRUK - HEST	1,0	15	1,0	12	1,0	12
2	NA	Mo og Øyrane	NAHHO2----	HESTE- OG HOVSLAGERFA	1,0	15	1,0	12	1,0	12
2	NA	Mo og Øyrane	NALGA2----	LANDBRUK OG GARTNERI	1,0	15	1,0	12	1,0	12
3	NA	Mo og Øyrane	NANAB3----	NATURBRUK, STUDIEFORB	1,0	15	1,0	12	1,0	12
4	PB	Mo og Øyrane	PBPBY3----	PÅBYGG TIL GEN STK					1,0	30
3	NA	Mo og Øyrane	NALBR3----	LANDBRUK	1,0	15	1,0	12	1,0	12
1	RM	Mo og Øyrane	RMRMF1----	RESTAURANT- OG MATEFAG	2,0	24	1,0	18	2,0	24
2	RM	Mo og Øyrane	RMKOS2----	KOKK- OG SERVITØRFAG	2,0	24	2,0	24	1,0	12
1	SS	Mo og Øyrane	SSSA1P---	SERVICE OG SAMFERDSEL	1,0	9	1,0	9	1,0	9
1	TP	Mo og Øyrane	TPTIP1----	TEKNIKK OG IND. PRODU	4,0	48	3,0	36	3,0	36
2	TP	Mo og Øyrane	TPBLK2----	BILSKADE, LAKK OG KAR	1,0	12	1,0	12	1,0	12
2	TP	Mo og Øyrane	TPPIN2----	INDUSTRITEKNOLOGI	1,0	12	1,0	12	1,0	12
2	TP	Mo og Øyrane	TPKJT2----	KJØRETØY	1,0	12	1,0	12	1,0	12
					39,0	495	36,0	454	36,0	463

Tilbudet vert lyst ut med 36 grupper

Hafstad vidaregåande skule

					Utlyst tilbod 2015-2016		Igangsett tilbod 2015-2016		Fylkesdirektøren sitt framlegg til tilbod 2016-2017	
	Utd.								mør	
N		Skole	Kode	Programområdenamn	Grup	Plas	Grup	Plas	Grup	Plassar
3	PB	Hafstad	PBPBY3----	PÅBYGG TIL GEN STK	1,0	30	1,0	30	1,0	30
1	ME	Hafstad	MEMOK1----	MEDIUM OG KOMMUNIKASJON	1,0	15	1,0	15	1,0	30
2	MK	Hafstad	MKMED2----	MEDIUM OG KOMMUNIKASJON	1,0	15	1,0	15	1,0	15
1	ST	Hafstad	STUSP1----	STUDIESPESIALISERING	4,0	120	4,0	120	3,0	90
2	ST	Hafstad	STUSP2----	STUDIESPESIALISERING	5,0	150	4,0	120	4,0	120
3	ST	Hafstad	STUSP3----	STUDIESPESIALISERING	5,0	150	5,0	150	4,0	120
1	KD	Hafstad	KDKDA1----	KUNST, DESIGN OG ARKITEKTUR	1,0	30	1,0	30	1,0	30
2	ST	Hafstad	STFOR2----	FORMGIVINGSFAG	1,0	15	1,0	30	1,0	30
3	ST	Hafstad	STFOR3----	FORMGIVINGSFAG	1,0	15	1,0	15	1,0	30
					20,0	540,0	19,0	525	17,0	495

Tilbudet vert lyst ut med 17 grupper

Flora vidaregåande skule

					Utlyst tilbod 2015-2016		Igangsett tilbod 2015-2016		Fylkesdirektøren sitt framlegg til tilbod 2016-2017	
	Utd.								mør	
N		Skole	Kode	Programområdenamn	Grup	Plas	Grup	Plas	Grup	Plassar
1	BA	Flora	BABAT1----	BYGG OG ANLEGGSTEKNIKK	3,0	36	2,0	24	2,0	24
2	BA	Flora	BAKEM2----	KLIMA-/ENERGI/MILJØTEKNIKK	1,0	12	1,0	12	1,0	12
2	BA	Flora	BABYG2----	BYGGTEKNIKK	1,0	12	1,0	12	1,0	12
1	EL	Flora	ELELE1----	ELEKTROFAG	2,0	24	2,0	25	1,0	13
2	EL	Flora	ELELE2----	ELENERGI	2,0	24	2,0	24	2,0	24
1	HS	Flora	HSHSF1----	HELSE- OG OPPVEKSTFAG	3,0	45	2,0	31	2,0	31
2	HS	Flora	HSHEA2----	HELSEARBEIDERFAG	1,0	14	1,0	15	1,0	15
2	HS	Flora	HSBUA2----	BARNE- OG UNGDOMSARB.	1,0	15	1,0	15	1,0	15
1	ID	Flora	IDRET1----	IDRETTSFAG	1,0	28	1,0	30	1,0	30
2	ID	Flora	IDIDR2----	IDRETTSFAG	1,0	28	1,0	30	1,0	30
3	ID	Flora	IDIDR3----	IDRETTSFAG	1,0	28	1,0	30	1,0	30
3	PB	Flora	PBPBY3----	PÅBYGG TIL GEN STK	1,0	30	1,0	30	1,0	30
1	SS	Flora	SSSA1----	SERVICE OG SAMFERDSEL	1,0	15	1,0	16	1,0	16
2	SS	Flora	SSSS2----	SALG, SERVICE OG SIKKERHET					1,0	15
2	SS	Flora	SSISF2----	IKT-SERVICEFAG	1,0	15	1,0	15	1,0	15
1	ST	Flora	STUSP1----	STUDIESPESIALISERING	2,0	60	2,0	60	2,0	60
2	ST	Flora	STUSP2----	STUDIESPESIALISERING	2,0	60	3,0	90	2,0	60
3	ST	Flora	STUSP3----	STUDIESPESIALISERING	2,0	60	2,0	61	3,0	91
1	TP	Flora	TPTIP1----	TEKNIKK OG IND. PRODUKSJON	2,0	26	2,0	24	1,0	12
2	TP	Flora	TPPIN2----	INDUSTRI/TEKNOLOGI	1,0	12	1,0	12	1,0	12
					30,0	556	29,0	568	27,0	547

Tilbudet vert lyst ut med 27 grupper

Måløy vidaregåande skule

					Utløst tilbod 2015-2016		Igangsett tilbod 2015-2016		Fylkesdirektøren sitt framlegg til tilbod 2016-2017	
									mør	
Utd.										
N	Skole	Kode	Programområdenamn	Grup	Plas	Grup	Plas	Grup	Plassar	
innfjord				106,5	1 938	100,0	1 886	95,0	1814	
1	BA	Måløy	BABAT1----	BYGG OG ANLEGGSTEKN	1,0	12	1,0	12	1,0	12
1	BA	Måløy	BABYG1P---	BYGG OG ANLEGGSTEKN	0,0				0,0	4
2	BA	Måløy	BABYG2----	BYGGTEKNIKK	1,0	12	1,0	12	1,0	12
1	HS	Måløy	HSHSF1----	HELSE- OG OPPVEKSTFAG	1,0	15	1,0	15	1,0	15
1	HS	Måløy	HSHSF1P---	HELSE/OPPVEKST, YSK 4-Å	0,5	6	0,5	9	0,5	9
2	HS	Måløy	HSHEA2P---	HELSEARBEIDERFAG, YSK	0,5	6	0,5	4	0,5	4
2	HS	Måløy	HSBUA2----	BARNE- OG UNGDOMSARB	1,0	15	1,0	15	1,0	15
1	NA	Måløy	NANAB1----	NATURBRUK	1,0	12	1,0	12	1,0	12
1	NA	Måløy	NANAB1P---	NATURBRUK,MAR,FAG YSK-4årig					0,0	4
2	NA	Måløy	NAAKV2----	AKVAKULTUR	0,5	6	0,5	6	0,5	6
2	NA	Måløy	NAFFA2----	FISKE OG FANGST	0,5	6	0,5	6	0,5	6
1	RM	Måløy	RMRMF1----	RESTAURANT- OG MATFAG	1,0	12	1,0	13	1,0	13
2	RM	Måløy	RMKOS2----	KOKK- OG SERVITØRFAG	1,0	12	0,0	0	1,0	12
1	ST	Måløy	STUSP1----	STUDIESPESIALISERING	1,0	30	1,0	30	1,0	30
2	ST	Måløy	STUSP2----	STUDIESPESIALISERING	1,0	30	1,0	30	1,0	30
3	ST	Måløy	STUSP3----	STUDIESPESIALISERING	1,0	30	1,0	30	1,0	30
1	TP	Måløy	TP TIP1----	TEKNIKK OG IND. PRODU	2,0	25	2,0	24	2,0	24
1	TP	Måløy	TP TIP1P---	TEKN/IND PROD, YSK 4-Å	0,5	9	0,5	8	0,5	8
2	TP	Måløy	TP TIP2P---	TEKN/IND PROD, YSK 4-Å	0,5	12	0,5	9	0,5	9
2	TP	Måløy	TP MAR2----	MARITIME FAG	2,0	24	2,0	24	2,0	24
2	TP	Måløy	TP PIN2----	INDUSTRITEKNOLOGI	1,0	12	1,0	12	0,0	0
2	TP	Måløy	TP KJT2----	KJØRETØY	1,0	12	1,0	12	1,0	12
3	PB	Måløy	PBPBY4P1--	Påbygging YSK 3.år	1,0	10	1,0	13	1,0	13
4	PB	Måløy	PBPBY4P2--	Påbygging YSK 4. år	1,0	16	1,0	14	1,0	14
					21,0	324	20,0	310	20,0	318

Tilbodet vert lyst ut med 20 grupper

Firda vidaregåande skule

					Utløst tilbod 2015-2016		Igangsett tilbod 2015-2016		Fylkesdirektøren sitt framlegg til tilbod 2016-2017	
									mør	
N	Utd.	Skole	Kode	Programområdenamn	Grup	Plas	Grup	Plas	Grup	Plassar
1	ID	Firda	IDRET1----	IDRETTSFAG	1,0	30	1,0	30	1,0	30
2	ID	Firda	IDIDR2----	IDRETTSFAG	1,0	30	1,0	30	1,0	30
3	ID	Firda	IDIDR3----	IDRETTSFAG	1,0	30	1,0	30	1,0	30
1	MD	Firda	MDMDD1--4-	MUS/DANS/DRAMA - DANS	0,5	12	0,5	12	0,5	12
1	MD	Firda	MDMDD1--1-	MUS/DANS/DRAMA - MUSI	1,0	24	1,0	24	1,0	24
1	MD	Firda	MDMDD1--6-	MUS/DANS/DRAMA - DRAM	0,5	12	0,5	12	0,5	12
2	MD	Firda	MDDAN2----	DANS	0,5	12	0,5	12	0,5	12
2	MD	Firda	MDDRA2----	DRAMA	0,5	12	0,5	12	0,5	12
2	MD	Firda	MDMUS2----	MUSIKK	1,0	24	1,0	24	1,0	24
3	MD	Firda	MDMUS3----	MUSIKK	1,0	24	1,0	25	1,0	25
3	MD	Firda	MDDRA3----	DRAMA	0,5	12	0,5	12	0,5	12
3	MD	Firda	MDDAN3----	DANS	0,5	12	0,5	12	0,5	12
1	ST	Firda	STUSP1----	STUDIESPESIALISERING	1,0	30	1,0	30	1,0	30
2	ST	Firda	STUSP2----	STUDIESPESIALISERING	1,0	30	1,0	30	1,0	30
3	ST	Firda	STUSP3----	STUDIESPESIALISERING	2,0	60	1,0	30	1,0	30
					14,0	384	13,0	355	12,0	325

Tilbodet vert lyst ut med 12 grupper

Eid vidaregåande skule

					Utløst tilbod 2015-2016		Igangsett tilbod 2015-2016		Fylkesdirektøren sitt framlegg til tilbod 2016-2017	
									mør	
N	Utd.	Skole	Kode	Programområdenamn	Grup	Plas	Grup	Plas	Grup	Plassar
1	DH	Eid	DHDHV1----	DESIGN OG HÅNDVERK	2,0	30	2,0	31	2,0	31
2	DH	Eid	DHIUD2----	INTERIØR OG UTSTILLING	2,0	24	1,0	12	0,5	6
1	EL	Eid	ELELE1----	ELEKTROFAG	2,0	30	3,0	36	2,0	24
2	EL	Eid	ELDEL2----	DATA OG ELEKTRONIKK	1,0	12	1,0	12	1,0	12
2	EL	Eid	ELELE2----	ELENERGI	1,0	14	1,0	14	1,0	14
2	EL	Eid	ELAUT2----	AUTOMATISERING					1,0	12
3	EL	Eid	ELDAT3----	DATAELEKTRONIKERFAG	1,0	12	1,0	12	1,0	12
3	PB	Eid	PBPBY3----	PÅBYGG TIL GEN STK	1,0	27	1,0	27	1,0	27
1	ST	Eid	STUSP1----	STUDIESPESIALISERING	2,0	60	2,0	60	2,0	60
2	ST	Eid	STUSP2----	STUDIESPESIALISERING	2,0	60	2,0	60	2,0	60
3	ST	Eid	STUSP3----	STUDIESPESIALISERING	2,0	60	2,0	60	2,0	60
1	TP	Eid	TPITP1----	TEKNIKK OG IND. PRODU	3,0	36	4,0	48	3,0	36
2	TP	Eid	TPIMS2M---	INDUSTRIELL MØBELPROF	1,0	12	1,0	12	0,5	6
2	TP	Eid	TPPIN2----	INDUSTRITEKNOLOGI	1,0	12	1,0	12	1,0	12
					22,0	419	22,0	396	20,0	372

Tilbodet vert lyst ut med 20 grupper

Stryn vidaregåande skule

					Utløst tilbod 2015-2016		Igangsett tilbod 2015-2016		Fylkesdirektøren sitt framlegg til tilbod 2016-2017	
Utd.									mør	
N		Skole	Kode	Programområdenamn	Grup	Plas	Grup	Plas	Grup	Plassar
1	BA	Stryn	BABAT1----	BYGG OG ANLEGGSTEKNI	2,0	24	2,0	24	2,0	24
2	BA	Stryn	BABYG2----	BYGGTEKNIKK	1,0	12	1,0	18	1,0	18
1	HS	Stryn	HSHSF1----	HELSE- OG OPPVEKSTFAG	1,0	15	1,0	15	1,0	15
2	HS	Stryn	HSHEA2----	HELSEARBEIDERFAG	1,0	14	1,0	15	1,0	15
1	SS	Stryn	SSSA1----	SERVICE OG SAMFERDSEL	1,0	12	1,0	15	1,0	15
2	SS	Stryn	SSSS2----	SALG, SERVICE OG SIKKER	1,0	12	0,5	6	0,5	6
2	SS	Stryn	SSRLV2----	REISELIV			0,5	7	0,5	6
2	SS	Stryn	SSTR2----	TRANSPORT OG LOGISTIK	1,0	12	1,0	15	1,0	15
1	ST	Stryn	STUSP1----	STUDIESPESIALISERING	2,0	60	2,0	62	2,0	60
2	ST	Stryn	STUSP2----	STUDIESPESIALISERING	1,0	30	2,0	60	2,0	60
3	ST	Stryn	STUSP3----	STUDIESPESIALISERING	2,0	60	1,0	33	2,0	60
					14,0	281	14,0	300	14,0	294

Tilbudet vert lyst ut med 14 grupper